



**ULVIK  
HERAD**



**ØKONOMIPLAN 2021-2024 og ÅRSBUDSJETT 2021**

## **INNHALD**

### **1. Heradsstyrevedtaket**

### **2. Innleiing**

- 2.1 Uttale frå rådmann
- 2.2 Kommuneplan 2009-2020
- 2.3 Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett
- 2.4 Omstilling og utvikling
- 2.5 Interkommunalt samarbeid

### **3. Økonomiplan 2021-2024 med årsbudsjett og økonomiske oversikter**

- 3.1 Inntekter i planperioden
- 3.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden
- 3.3 Sparetiltak
- 3.4 Lån, renter og avdrag i planperioden
- 3.5 Investeringar i planperioden
- 3.6 Disponible fond
- 3.7 Næringsfondet

### **4. Tiltaksliste for heradet og andre aktørar**

- 4.1. Tiltak innmeldt frå andre aktørar
- 4.2. Tiltak innmeldt frå heradet

### **5. Tenesteproduksjonen**

- 5.1. Politisk styring
- 5.2. Administrasjon, kultur og samfunnsutvikling
- 5.3. Barnehagen
- 5.4. Undervisning
- 5.5. Helse- og omsorg
- 5.6. NAV
- 5.7. Teknisk drift og anlegg

### **S. Vedlegg**

Årsbudsjett 2021, drift. Bevilgningsoversikt A og B

Årsbudsjett 2021, investering. Bevilgningsoversikt A, budsjettskjema 2b, låneoversikt, investeringsoversikt

Detaljert driftsbudsjett, Betalingssatsar 2021

## 1. Heradsstyrevedtaket

### Heradstyret sitt vedtak:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument med inkomne endringar.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett med inkomne endringar.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk aukast utover sjølvkost til naudsynt nivå for å innbetala underskot på 3,6 millionar frå 2019.
4. Brakanes skule vert 10-delt frå januar 2021. Ekstra kostnad på kr 610 000,- vert lagt inn i budsjettet for skulen. (Kostnad for 9-deling med kr 910 000 er allereie lagt inn i talbudsjettet.) Tiltaket vert finansiert slik: Kr 310 000 i reduksjon til drift av den gamle sjukeheimen og Kr 300 000 frå disposisjonsfond.
5. Barnehagen får kr 500 000,- i ekstra midlar for å behalda 4 avdelingar i heile 2021. Dette reduserer inntekter med kr. 54 176. Tiltaket vert finansiert ved å redusera overføring frå drift til investeringsrekneskap med til saman kr. 554 176.
6. Omsorgstunet videreførast med 18 langtidsplassar og bemanning for dette.
7. Næringslaget tildelast støtte på 250.000 .
8. Ungdomsarbeidar finansierast av Undervisning med 40%-stilling.
9. Musikkdirigent som tilbod vert videreført.
- 10.Kyrkja tildelast ikkje nye midlar, men vert trekt ned i høve forslag frå stabseininga i talbudsjettet.
- 11.Ulvik herad gjev årleg driftstilskot med ca. kr 100 100 til Ulvik IL for nedbetaling av lån på kr 450 000,- til kjøp av ny tråkkemaskin. Lånet skal nedbetalast over 5 år. Driftstilskotet vert dekkja av næringsfondet.

12. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført.
13. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2021 vert godkjent med ei totalramme på kr 28 016 838 og eit låneopptak på inntil kr 27 433 686. (korrigererte tal etter uttak av investeringar på skule og bibliotek på totalt kr. 600 000, jfr. pkt. 4, og reduksjon av overføring til investering på totalt kr. 554.176, jfr. pkt. 5) Kr 250 000,- til utgreiing av fådelt skule vert teken ut av investeringsbudsjettet. Kr 350 000 til meirope bibliotek vert teke ut av investeringsbudsjettet.
14. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
15. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
16. Heradet skriv ut skatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
17. Det skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 fyrste ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
18. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 første ledd.
19. Skattesatsen for det særskilte grunnlaget er 7 promille.
20. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 11.12. 2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2021, jfr. eigedomsskattelova §10.
21. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.
22. Det vert ein auke i betalingsattsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2021. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp. - For avgifter -

vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk. - Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3 %. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1.2021. - Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021. - Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet. - Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov. - Betalingsatsar for byggjesak og matrikkellov videreførast frå 2020. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2021. - Betalingssatsane for Osafjellsvegen vert som følgjer: Kjøretøy under 3,5t. Enkeltur 100,- Årskort 400,- Kjøretøy over 3,5t. Enkeltur 300,- Årskort 1200,-

23.Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.152 mill. i 2020.

24.Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2021 fastsett til kr 741 000 . Til varaordførar kr 76 800.

25.I høve til krav i ny kommunelov §14-2 pliktar heradet å styra etter finansielle måltal. For planperioden 2021-2024 veljast måltal som følgjer: 1,1% for netto driftsresultat I høve brutto driftsinntekter, gjeldsgrad I høve til frie inntekter på under 1,5 og disposisjonsfond ikkje mindre enn 7% av frie inntekter.

## 2. Innleiing

### **Med optimisme, pågangsmot og samarbeid ynskjer me 2021 velkomen!**

I innleiinga til budsjett 2020 starta eg med å sei at «2020 er året då kommune-Noreg endrast». Lite visste me då om kor store endringar 2020 skulle by på. Ikkje berre som fylgje av kjende faktorar som kommunesamanslåingar i nærliggjande kommunar, nye oppgåver overført frå staten og nye samarbeid om tenester, men endringar som fylgje av koronapandemien som ramma heile verda og som gjorde at me stengde ned landet vårt i mars.

Me skal ikkje ha fokus bakover når me legg fram eit budsjett og ein økonomiplan, me skal sjølvstøtt sjå framover. Men, med framleis spreiding av korona-viruset mot slutten av året 2020 er det heilt klart at me går inn i 2021 med ein viss grad av usikkerheit. Me veit ikkje når vaksina kjem, kor raskt den vil slå tilbake korona-spreiinga eller kor lang tid det vil gå før ein kan sei at pandemien er over. Me veit heller ikkje kva dei økonomiske konsekvensane vil verta for 2021. Noko veit me likevel, me har erfaringa frå 2020 med oss og staten har løyvd ekstra midlar for å handtera koronasituasjonen ute i kommunane, i hvert fall for første halvår. Korona-situasjonen er uansett av forbigåande art. Den vil medføre nokre ekstra utfordringar, også i 2021, men med erfaringane frå 2020 er eg sikker på at me skal løysa dei koronarelaterte utfordringar som kjem – med litt drahjelp frå statlege mynde.

Det er ei større utfordring at me frå 2021 har inngått fleire nye samarbeidsavtalar som fylgje av kommunesamanslåingar i kommunane me tidlegare har hatt avtale med. Dette gjeld særleg tenester som barnevern og PPT, dvs tenester som er av varig art. Som fylgje av oppsagte avtalar og reforhandling går me inn i 2021 med betydeleg auke i kostnader til akkurat dei same tenestene. Me har reforhandla desse avtalane saman med Eidfjord og både Eidfjord og Ulvik har no inngått avtale om vidare samarbeid med barneverntenesta i Ullensvang og feierteneste frå Vestnorsk Feierteneste AS. Me er ikkje i hamn med forhandlingar om ny avtale om PPT med Voss herad, men har som mål å landa denne før 01.01.2020. Kommunepsykologtenesta som vart innført gjeldande frå 01.01.2020 har me fått på plass frå 01.01.2021 ved at me samarbeider med Voss om denne tenesta.

Ei anna utfordring er at me på hausten 2020 har fått nokre nye «tunge» saker innan barnevernet, som vil medføre betydelege meirkostnader på 1-2 millionar frå 2021. Utfordring eller ikkje, dette er noko som må løysast – uansett.

Samarbeid mellom Ulvik og nabokommunane vert ikkje mindre viktig framover og så langt som råd går me i to-spann med Eidfjord når me inngår samarbeidsavtale om tenester med Voss herad eller Ullensvang kommune. Me har og hatt ein del samarbeid med Kvam og det skal me framleis ha, særleg på IKT-sida. På IKT-sida har me gjort store framsteg, særleg når det gjeld digitale løysingar, både internt og ut mot publikum og me har planlagt endå fleire og betre digitale løysingar i 2021. Dette vil vera med på å gjera oss meir tilgjengelege for innbyggjarane våre og me får til betre samhandling, både

internt mellom einingar og med samarbeidande kommunar og instansar.

Politiske vedtak frå 2019 vedk intensjonsavtale om samarbeid mellom Ulvik og Eidfjord vil verta jobba vidare med i 2021. Korona-situasjonen i 2020 har gjort at dette arbeidet ikkje har vore prioritert, men me går likevel inn i 2021 med fleire nye samarbeidsområde og kjøp og sal av tenester til kvarandre. I tillegg til landbruk vil me i 2021 og ha samarbeid på byggjesak og veg og vatn og me ser på nye område der samarbeid er teneleg.

I skrivande stund er folketalet i Ulvik 1080. Folketalet har vore nokonlunde «stabil» i mange år, med +/- 30 personar og me ligg no i nedre sjikt. Frå og med budsjettåret 2021 vil me i budsjettet setja måltal på ei rekke område. Dei fleste måltal er av økonomisk art, men me ynskjer og å ha som mål at me skal auka folketalet vårt att. For økonomiplanperioden bør me ha som mål å koma opp att på 1100 innbyggjarar. Det er gjort ein del vurderingar i SNU-planen frå 2019, med konkrete tiltak som kan byggja opp under ei slik ynskt folketaletsutvikling.

Heradet som tenesteleverandør er framleis raus og serviceinnstilt og sjølv om nokre innbyggjarar og tilsette opplever det som negativt at me endrar på, reduserer eller tek vekk tenester eller oppgåver ein har vore van med å ha, så meiner eg at heradet framleis leverer på det me er tenkt å levera på – og vel så det. Me legg vekt på at me skal levera gode tenester til innbyggjarane våre og at me skal møta innbyggjarane våre med både eit smil og ei positiv haldning. Me kan ikkje oppfylle alle ynskje, behov eller førespurnader, men ikkje fordi me ikkje vil. Då er det viktig å skapa tryggleik om at det me leverer er bra og at me leverer i tråd med gjeldande lov og regelverk. Me skal gje råd og rettleiing og me skal møta alle på ein god, profesjonell og positiv måte.

Det å planleggja er ein viktig del av den demokratiske politiske prosessen; det å fortelja lokal-samfunnet og sjølv sagt og administrasjonen kva ein vil, kva som skal prioriterast, kva tenester me skal ha i Ulvik og korleis areala våre skal nyttast, på best mogeleg vis. Me startar året 2021 med ny planstrategi, som peikar på når viktige plandokument skal rullerast eller reviderast. Eit av desse er kommuneplanen, eit arbeid administrasjonen ser fram til. Arbeidet med kommuneplanen er både omfattande og tidkrevjande, men det er og gjevande i form av utstrakt dialog og samhandling med innbyggjarar, næringsaktørar og andre om å skriftleggjera korleis me ynskjer at Ulvik herad, vårt eige lokalsamfunn skal sjå ut, om 10-15-20 år og kva me må gjera for å koma dit.

Samanlikna med både 2019 og 2020 har me gjort store, men også naudsynte grep for å få ned drifta. Alle einingane, med to unntak, har redusert ramma si og anten auka inntekter, redusert kostnader, redusert bemanning eller alle desse. Innsatsen for å få ned drifta gjeld og dei to unntaka; Undervisning og Helse, men her har kostnadane auka dramatisk, dels knytt til prisauke på naudsynte kjøpte tenester og samarbeidsavtalar, men i endå større grad knytt til tunge individuelle saker innan barnevern og ressurskrevjande brukarar. Me går inn i 2021 med auka kostnader, men grepa som er tekne for å betra drifta vil også bidra til å sikra at heradet får ei meir effektiv og framtidsretta drift, noko som på lengre sikt vil halda kostnader nede og tenesteproduksjonen konkurransedyktig.

Frå og med året 2021 har me i budsjettprosessen teke i bruk ny ikt-løysing for budsjettarbeid. Dette har vore til god hjelp, både på einingane og i økonomiavdelinga. Det gir betre oversikt og kontroll og det er lett å følgja alle endringar ein legg inn undervegs i budsjettarbeidet.

I løpet av 2020 har me fått på plass ny nærings- og reiselivssjef og det er gjort nyttilsetjing i leiarstolen på teknisk eining. Eg har tru på at 2021 vert eit spanande år innan næringsutvikling, trass i korona-situasjonen. Heller ikkje sesongen 2021 reknar me med vil verta ein «normal» sesong, men med erfaringar frå 2020 og tid til å planleggja for ei anna målgruppe innan reiselivet er det grunn til å vera optimistiske på kva me kan få til, saman med næringslivet og Ulvik næringslag. Frå 2021 overtek heradet sjølv drifta av turistkontoret, men framleis i tett samarbeid med næringslaget.

Korona-situasjonen i 2020 har bydd på utfordringar for dei fleste, men den har og ført positive ting med seg. Me har vorte meir digitale og me held oss meir heime eller i lokalsamfunnet me er ein del av. Det er mindre attraktivt å reisa ut av bygda for å handla og me ferierer i vårt eige land heller enn å ta med oss pengane og bruke dei i utlandet. Ved aktivt å jobba i lag om næringsutvikling og utviklinga av Ulvik som bu-, arbeids-, oppvekst- og opphaldsstad kan 2021 verta eit viktig år for å leggja grunnlaget for åra som kjem etter. Erfaringane frå 2020 viser oss at me kan få til veldig mykje, korona til tross, berre me tek grep, jobbar målretta og gjer det i lag.

Alt vert bra til slutt!



## **2.1. Kommuneplan 2009-2020**

Kommuneplanen er heradet sin overordna plan for kommunen si utvikling. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Ut frå endra føresetnader i planperioden 2020-2023 bør samfunnsdelen takast opp til ny vurdering.

## **2.2. Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett**

Handlingsprogrammet er handlingsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen kan vera ein del av handlingsprogrammet, og skal visa kommunen sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er første året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for kommunen. Kommunestyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Handlingsprogrammet/økonomiplanen skal oppdaterast kvart år.

## **2.3. Omstilling og utvikling**

Heradet står overfor ei større omstilling. I 2018 byrja prosessen med å utgreia sparetiltak og oppretta ei eiga sparekatalog og for planperioden 2021-2024 vil dei vedtekne tiltaka få verknad. Heradet er til for å yta best mogelege tenester for innbyggjarane i Ulvik, og for å få dette til er det naudsynt å få ned dei framtidige driftskostnadane og sikra innbyggjarane gode tenester også i framtida. Sparetiltaka omfattar både forbruk og stillingar og det er viktig å forankra omstillinga i organisasjonen og spela på lag med alle tilsette og deira organisasjonar. Om me lukkast med dette vil det gje organisasjonen eit løft og føre til ei positiv utvikling.

## **2.4. Interkommunalt samarbeid**

I stortingsbudsjettet for 2020 vert fleire oppgåver tildelt heradet enn før. For å løysa dette er det viktig at heradet ikkje står åleine. Heradet har, saman med Eidfjord, eit godt samarbeid om IKT med Kvam, og samarbeidet har skapt regional interesse for resultatane me har oppnådd. Me har samarbeid med Voss herad om brann, legevakt og PPT, med Ullensvang om barnevern og har i 2020 videreført eit samarbeid med Eidfjord om sal av jordbrukstenester som starta i 2019. Me har samarbeid på tvers av Hardangarregionen om revisjon gjennom Vestland Revisjon IKS og om renovasjon gjennom Indre Hordaland Renovasjon IKS. Me registrer alt store kostnadsauker som fylgje av kommunale samanslåingar og færre brukarar å fordela kostnadar på, og vil i den komande planperioden aktivt vurdere nye avtaler og moglegheitar for sjølve å utføra oppgåver som i dag kjøpast, anten gjennom lokale samarbeid med andre aktørar, eller sjølve som del av øvrige tenestetilbod.

### 3. Økonomiplan 2021-2024 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

#### 3.1 Inntekter i planperioden

Basisinntekter	2020 BUD	2021	2022	2023	2 024
Konsesjons/ erstatningskraft	-8 555 892	-4 243 443	-5 623 688	-5 623 688	-5 623 688
Skatt på inntekt og formue	-35 420 000	-36 431 000	-36 498 000	-36 586 000	-36 713 000
Eigedomskatt	-8 792 857	-9 392 857	-9 392 857	-9 392 857	-9 392 857
Statlig rammetilskudd	-57 585 000	-59 640 556	-59 445 556	-59 122 556	-59 122 556
Komp invest. Kostnader	-410 000	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000
<b>Renter/ utbytte og lån</b>					
- gebyr		46 215	46 215	46 215	46 215
- renteutgifter	3 628 662	1 255 201	1 633 557	1 942 899	2 221 516
- avdrag på lån	5 982 159	6 538 911	7 694 030	8 070 936	8 341 418
- avsetning til fond					
- innt. Varområde	-2 394 513	-2 548 626	-2 824 411	-2 928 457	-2 983 060
- renteinntekter	-300 000	-609 000	-609 000	-609 000	-609 000
- utbytte	-1 147 000	-1 152 000	-1 152 000	-1 152 000	-1 152 000
- avdrag på lån	-50 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
<b>Interne finanstrans.</b>					
- avsetning til fond					
- overføring til inv.					
Rekneskapen	1 684 982	483 152	1 582 873	1 308 351	995 459
- lønnsreguleringsfond	1 400 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Inntekt introduksjonsordninga	-716 000	0	0	0	0
Kostnad tilpasning bustad	68 000	69 836	69 836	69 836	69 836
<b>SUM</b>	<b>-102 607 459</b>	<b>-104 092 167</b>	<b>-102 687 001</b>	<b>-102 144 321</b>	<b>-102 089 717</b>
	<b>2020 BUD</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Drift	102 607 459	104 092 167	102 687 001	102 144 321	102 089 717
Basis inntekter/ utg i perioden	-102 607 459	-104 092 167	-102 687 001	-102 144 321	-102 089 717
<b>SUM</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Overskot frå drifta</b>	<b>1 684 982</b>	<b>483 152</b>	<b>1 582 873</b>	<b>1 308 351</b>	<b>995 459</b>
<b>Overskot i% av driftsinntekter</b>	<b>1,5 %</b>	<b>0,4 %</b>	<b>1,4 %</b>	<b>1,2 %</b>	<b>0,9 %</b>
<b>Anbefalt overskot er 1,75%</b>		1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %
Differanse i prosent		1,3 %	0,3 %	0,6 %	0,9 %
<b>Differanse i kroner</b>		<b>-1 443 910</b>	<b>-366 104</b>	<b>-636 513</b>	<b>-951 628</b>

Statsbudsjettet legg rammene for storleiken i skatteinntekter og rammetilskot i åra som kjem. Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2020 til 2021 med 1,05%. Ulvik herad sine skatteinntekter består av 2 komponentar, naturressursskatt og personinntektsskatt. Naturressursskatt er ein flat skatt som som vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte KWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor upåverka av andre høve. Nominell personsinntektsskatt vert regulert i takt med inntektsutviklinga i landet. Det er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2021 er det kommunale skatteøret på 12,15%. Veksten i skatteinntektene for heradet må reknast å verta noko mindre enn landet elles som følgje av at naturressursskatten er ein flat skatt, skatteinntektene for 2021 er budsjettert med kr 36 431 000.

Rammetilskotet til heradet er påverka av 2 ting, både småkommunetilskotet og inntektsutjamninga. Ulvik herad er ein liten kommune med færre innbyggjarar enn 3200 og har eit skattenivå under 120% av landsgjennomsnittet. Dette er kriterier som gjer at heradet får småkommunetilskotet på kr 6 034 000. På den andre sida så skal inntektsutjamninga utjamne skilnadane mellom kommunane sine skatteinntekter. Ulvik herad vert trekt for 60% i rammetilskotet av skatteinntektene som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Rammetilskotet for 2021 er budsjettert til kr 59 572 000.

Ulvik heradstyre har bestemt at det skal skrivast ut eigedomsskatt etter § 3c i eigedomsskattelova: berre på kraftverk, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særreglane for petroleum, i motsetning til personinntektsskatten og naturressursskatten så har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Her ser me utviklinga for eigedomsskatten sidan 2015.

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
10 529 487	9 180 888	7 623 449	6 928 180	7 518 774	8 792 857	9 392 857

I høve til formuesverdet på kraftanlegga, frå sentralskattekontoret for storbedrifter, auker eigedomsskatten på kraftanlegga med vel 600 000, medan tidlegare verk og bruk fasast ut over dei kommande fem åra. Dei stipulerte inntektene for 2021 er på 9 392 857 kroner og videreførast ut planperioden.

Ulvik herad har både konsesjonskraft og erstatningskraft å selja. For 2021 hadde heradet 5 gWh erstatningskraft og 27,3 gWh konsesjonskraft for sal.

Etter eit særst dårleg år for kraftmarknaden var det ikkje gode utsikter for å få seld kraft til fastpris for det komande året utan særst dårlege kår. For 2021 har heradet inngått ein prøveordning med bruk av Ishavskraft som forvaltar for

kraftsalet. Ishavskraft har ein minstepris på 21,4øre kw/h som heradet kan budsjettera med, og 23,78 øre som referansepris. Ishavskraft får betalt sitt honorar om dei leverer referansepris, og får i tillegg 20% av avkasting ved sal over referansepris. 3gw/h er heldt utanfor forvaltningsavtalen og vil seljast på spot. Dette tilsvarar forbruket til heradet og vil utliknast mot spotavtalen med Hardanger Energi om kjøp av straum. Begge ordningane vil verta evaluert gjennom 2021 og om ordninga er ynskjeleg å halda fram med vil det lysast ut anbodskonkurranse i tråd med regelverk om offentlege anskaffingar.

Kraftsalet er budsjettert med minstepris fyrste halvår og 30øre kw/h andre halvår, noko som gjev ein nettovinst på kr 4243443 gjeva at konsesjonskostnaden til staten held seg på same nivå.


I resten av planperioden er det lagt opp til ei videreføring av eit auka mellomnivå på vel 5,6 millionar. Dette er ein sterk reduksjon frå framtidsutsiktane i 2020-budsjettet, men med eit år med ekstreme vêrhøve er det vurdert at framtida er for usikker til å gå høgare fram til marknaden stabiliserar seg på eit høgare nivå enn dagens.

Heradet eig 15,3% av Hardanger energi. Forventa utbytte i heile planperioden er i tråd med den vedtekne utbyttemodellen.

Brukarbetaling er motyting for kommunale tenester og vert inntektsført over einingane sine driftsbudsjett. Det utgjør 6 % av dei totale inntektene til heradet. Brukarbetalinga er i budsjettframlegget justert opp, det er einingane sjølve som har kome med forslag på den prosentvise auken. Nokon einingar har auka prisen fordi det er naudsyn for å få budsjettet til å gå i hop, andre har auka prisen fordi satsane i utgangspunktet er låge. Då er det sjølvsagt teke atterhald for tenester som ikkje kan justerast, eller tenester der betalingssatsane vert fastsett i samsvar med eige sjølvkostrekneskap. Betalingssatsane for vass- og kloakkavgifter vert fastsett i sjølvkostrekneskapet og renovasjonsavgiftene vert fastsett av styret i Indre Hordaland miljøverk.

Prosentvis fordeling av driftsinntektene.

## Inntektsfordeling



### 3.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

Skildring	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
<b>Ulvik</b>						
<b>200 Rådmannen</b>						
Inntekt Rådmannen	-270 283	0	0	0	0	0
Utgift Rådmannen	1 470 760	1 496 362	0	0	0	0
Netto Rådmannen	1 200 477	1 496 362	0	0	0	0
<b>210 Stab/støtte</b>						
Inntekt Stab/støtte	-9 259 250	-7 609 616	-7 960 012	-7 859 944	-7 859 944	-7 859 944
Utgift Stab/støtte	24 614 895	23 629 353	25 375 502	25 275 434	25 275 434	25 275 434
Netto Stab/støtte	15 355 645	16 019 737	17 415 490	17 415 490	17 415 490	17 415 490
<b>230 Undervisning</b>						
Inntekt Undervisning	-6 243 379	-2 220 944	-1 688 024	-1 688 024	-1 688 024	-1 688 024
Utgift Undervisning	24 603 897	22 630 507	25 851 827	24 970 487	24 427 807	24 427 807
Netto Undervisning	18 360 518	20 409 563	24 163 803	23 282 463	22 739 783	22 739 783
<b>220 Barnehage</b>						
Inntekt Barnehage	-2 946 135	-1 869 426	-1 816 757	-1 870 933	-1 870 933	-1 870 933
Utgift Barnehage	12 562 534	12 638 857	10 564 533	9 862 072	9 862 072	9 862 072
Netto Barnehage	9 616 399	10 769 431	8 747 776	7 991 139	7 991 139	7 991 139
<b>240 Helse og omsorg</b>						
Inntekt Helse og omsorg	-8 406 290	-6 807 530	-7 849 004	-7 849 004	-7 849 004	-7 849 004
Utgift Helse og omsorg	45 910 150	42 504 171	45 450 253	45 386 253	45 386 253	45 386 253
Netto Helse og omsorg	37 503 860	35 696 641	37 601 249	37 537 249	37 537 249	37 537 249
<b>270 NAV</b>						
Inntekt NAV	-257 788	-21 949	-21 949	-21 949	-21 949	-21 949
Utgift NAV	4 497 745	3 700 685	3 060 424	3 060 424	3 060 424	3 060 424
Netto NAV	4 239 957	3 678 736	3 038 475	3 038 475	3 038 475	3 038 475
<b>280 Teknisk leiar</b>						
Inntekt Teknisk leiar	-3 121 505	-2 739 065	-2 304 677	-2 304 677	-2 304 677	-2 304 677
Utgift Teknisk leiar	7 070 724	6 636 142	6 525 860	6 512 671	6 512 671	6 512 671

	Skildring	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
	Netto Teknisk leiar	3 949 219	3 897 077	4 221 183	4 207 994	4 207 994	4 207 994

281	Brannsjef						
	Inntekt Brannsjef	-694 373	-285 092	-1 127 500	-1 127 500	-1 127 500	-1 127 500
	Utgift Brannsjef	2 767 367	2 164 435	2 622 813	2 622 813	2 622 813	2 622 813
	Netto Brannsjef	2 072 994	1 879 343	1 495 313	1 495 313	1 495 313	1 495 313

282	Leiar VA sektor						
	Inntekt Leiar VA sektor	-2 765 371	-6 072 306	-6 596 284	-6 872 070	-6 976 116	-7 030 720
	Utgift Leiar VA sektor	6 389 077	6 072 306	5 853 340	6 129 126	6 233 172	6 233 172
	Netto Leiar VA sektor	3 623 706	0	-742 944	-742 944	-742 944	-797 548

283	Leiar bygningsavdeling						
	Inntekt Leiar bygningsavdeling	-3 728 507	-2 364 983	-2 615 283	-2 615 283	-2 615 283	-2 615 283
	Utgift Leiar bygningsavdeling	12 559 245	11 125 552	10 767 105	11 077 105	11 077 105	11 077 105
	Netto Leiar bygningsavdeling	8 830 738	8 760 569	8 151 822	8 461 822	8 461 822	8 461 822


290	Finans						
	Inntekt Finans	-121 321 377	-125 601 219	-124 361 794	-125 589 824	-125 458 870	-125 640 473
	Utgift Finans	18 422 299	22 993 760	20 269 627	22 902 823	23 314 549	23 550 756
	Netto Finans	-102 899 078	-102 607 459	-104 092 167	-102 687 001	-102 144 321	-102 089 717

291	Avskrivningar						
	Inntekt Avskrivningar	-7 864 881	0	-10 382 999	-10 382 999	-10 382 999	-10 382 999
	Utgift Avskrivningar	6 010 431	0	10 382 999	10 382 999	10 382 999	10 382 999
	Netto Avskrivningar	-1 854 450	0	0	0	0	0

	Inntekt	-166 879 139	-155 592 130	-166 724 283	-168 182 207	-168 155 299	-168 391 506
	Utgift	166 879 124	155 592 130	166 724 283	168 182 207	168 155 299	168 391 506
	Netto	-15	0	0	0	0	0

Rammene til einingane byggjer på budsjettet for 2020 der lønskostnadane er kompensert med ein lønsauke på 2,0%. Endringane i ramma til einingane kjem etter at lønsjusteringa er gjort.

Fordelinga mellom einingane ser slik ut:





### 3.3 Sparetiltak

I tillegg til grunnleggjande innsparingar gjort i budsjettala er det henta inn ein rekkje sparetiltak for å gjeva heradet auka spelerom eller endra prioriteringar. Inga av sparetiltaka vart prioriterte i 2021:

Drift:

Kapittel : Stab	
<b>Tiltak</b>	<b>010: Nedlegging av Ulvik kino</b>
Skilding	Ulvik kino vurderast nedlagt. Effekt av nedleggjing vil ikkje kunne realiserast før lisensavtaler er utløpt og stillingar er avvikla.

Stad	Ansvar: Stab/støtte (210)	2021	2022	2023	2024	Totalt
210.10100.3730.0		0	-380 000	-380 000	-380 000	-1 140 000
Fast lønn						
210.10900.3730.0		0	-74 100	-74 100	-74 100	-222 300
Pensjonspremie						
KLP						
210.10990.3730.0		0	-48 135	-48 135	-48 135	-144 405
Arbeidsgjevaravgift						
<b>Sum utgifter</b>		<b>0</b>	<b>-502 235</b>	<b>-502 235</b>	<b>-502 235</b>	<b>-1 506 705</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>		<b>0</b>	<b>-502 235</b>	<b>-502 235</b>	<b>-502 235</b>	<b>-1 506 705</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>		<b>0</b>	<b>-502 235</b>	<b>-502 235</b>	<b>-502 235</b>	<b>-1 506 705</b>

Kapittel : Oppvekst	
Tiltak	011: Avvikling av dirigent til musikklaget
Skilding	Avvikling av dirigenten til musikklaget som tilbud finansiert av heradet. Årleg utbetaling for stillinga er ca. 375000, derav ca. kr 50.000 i reisegodtgjersle. (Heradet dekkjer reiseutgifter til og frå øving i Ulvik).

Stad	Ansvar: Undervisning (230)	2021	2022	2023	2024	Totalt
230.10100.3830.0 Fast lønn		-142 000	-284 000	-284 000	-284 000	-994 000
230.10900.3830.0 Pensjonspremie KLP		-27 690	-55 380	-55 380	-55 380	-193 830
230.10990.3830.0 Arbeidsgjevaravgift		-17 987	-35 974	-35 974	-35 974	-125 909
<b>Sum utgifter</b>		<b>-187 677</b>	<b>-375 354</b>	<b>-375 354</b>	<b>-375 354</b>	<b>-1 313 739</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>		<b>-187 677</b>	<b>-375 354</b>	<b>-375 354</b>	<b>-375 354</b>	<b>-1 313 739</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>		<b>-187 677</b>	<b>-375 354</b>	<b>-375 354</b>	<b>-375 354</b>	<b>-1 313 739</b>

<b>Tiltak</b>	<b>009: Omgjering av ungdomsarbeidar til ungdomsrådskontakt</b>
Skilding	Avvikling av tilbod om 40% ungdomsarbeidar og behalda 10% av denne ressursen til ungdomsrådet.

		2021	2022	2023	2024	Totalt
Stad	Ansvar: Undervisning (230)					
230.10100.2310.0	Fast lønn	-122 000	-122 000	-122 000	-122 000	-488 000
230.10900.2310.0	Pensjonspremie	-23 790	-23 790	-23 790	-23 790	-95 160
KLP						
230.10990.2310.0	Arbeidsgjevaravgift	-15 454	-15 454	-15 454	-15 454	-61 816
<b>Sum utgifter</b>		<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-644 976</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>		<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-644 976</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>		<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-161 244</b>	<b>-644 976</b>

<b>Tiltak</b>	<b>004: 7-delning skule frå og med hausten 2021</b>
Skilding	Reduksjon frå 9-delning til 7-delning for å spare lærarressursar. Besparing på 910.000kr per år. 5/12 i 2021 ved videreføring av 9-delning ut fyrste halvår.

		2021	2022	2023	2024	Totalt
Stad	Ansvar: Undervisning (230)					
230.10101.2020.0 Fast lønn lærarar		-308 854	-741 250	-741 250	-741 250	-2 532 604
230.10901.2020.0 Pensjonspremie STP		-33 974	-81 538	-81 538	-81 538	-278 588
230.10990.2020.0 Arbeidsgjevaravgift		-36 340	-87 216	-87 216	-87 216	-297 988
<b>Sum utgifter</b>		<b>-379 168</b>	<b>-910 004</b>	<b>-910 004</b>	<b>-910 004</b>	<b>-3 109 180</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>		<b>-379 168</b>	<b>-910 004</b>	<b>-910 004</b>	<b>-910 004</b>	<b>-3 109 180</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>		<b>-379 168</b>	<b>-910 004</b>	<b>-910 004</b>	<b>-910 004</b>	<b>-3 109 180</b>

<b>Tiltak</b>	<b>005: 8-delning av skule frå og med 2021</b>
Skilding	8-delning av skule, med 9-delning ut vårsemesteret 2021. Besparing på 360.000kr.

		2021	2022	2023	2024	Totalt
Stad	Ansvar: Undervisning (230)					
230.10101.2020.0 Fast lønn lærarar		-122 188	-293 250	-293 250	-293 250	-1 001 938
230.10901.2020.0 Pensjonspremie STP		-13 441	-32 258	-32 258	-32 258	-110 215
230.10990.2020.0 Arbeidsgjevaravgift		-14 377	-34 504	-34 504	-34 504	-117 889
<b>Sum utgifter</b>		<b>-150 006</b>	<b>-360 012</b>	<b>-360 012</b>	<b>-360 012</b>	<b>-1 230 042</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>		<b>-150 006</b>	<b>-360 012</b>	<b>-360 012</b>	<b>-360 012</b>	<b>-1 230 042</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>		<b>-150 006</b>	<b>-360 012</b>	<b>-360 012</b>	<b>-360 012</b>	<b>-1 230 042</b>

<b>Kapittel : Helse</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>015: Reduksjon av langtidsplassar frå 18 til 14</b>
Skilding	Heradet har i dag bemanning for 18 langtidsplassar. Plassane er ikkje sjølvfinansierande og ved å redusera plasser til 14 og bemanning tilsvarande vil heradet spara 1,5 mNOK i året. Det vil seinare vera mogleg å oppbemanna om det vert behov for fullt belegg. Fordelinga vert 1,9m i sparte lønskostnadar og 0,37m i tapte inntekter.

		2021	2022	2023	2024	Totalt
Stad	Ansvar: Helse og omsorg (240)					
240.10100.2530.0 Fast lønn		-727 410	-1 454 820	-1 454 820	-1 454 820	-5 091 870
240.10900.2530.0 Pensjonspremie KLP		-141 845	-283 690	-283 690	-283 690	-992 915
240.10990.2530.0 Arbeidsgjevaravgift		-92 141	-184 282	-184 282	-184 282	-644 987
240.16001.2530.0 Brukarbetaling- manuelle		187 025	374 050	374 050	374 050	1 309 175
<b>Sum utgifter</b>		<b>-961 396</b>	<b>-1 922 792</b>	<b>-1 922 792</b>	<b>-1 922 792</b>	<b>-6 729 772</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>187 025</b>	<b>374 050</b>	<b>374 050</b>	<b>374 050</b>	<b>1 309 175</b>
<b>Sum netto</b>		<b>-774 371</b>	<b>-1 548 742</b>	<b>-1 548 742</b>	<b>-1 548 742</b>	<b>-5 420 597</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>		<b>-774 371</b>	<b>-1 548 742</b>	<b>-1 548 742</b>	<b>-1 548 742</b>	<b>-5 420 597</b>

Kapittel : Finans	
Tiltak	<b>003: Innføring av eigedomsskatt i 2021</b>
Skilding	Innføring av eigedomsskatt på bustad og fritidsbustader. 1 promille fyrste året, 30% grunnlagsreduksjon i.h.t. eigedomsskatteloven. Auke med 1 promille kvart år, til maks sats nådd i 2024. Skatteetaten sitt verdsgrunnlag nyttast i staden for eiga taksering - mest sannsynleg til innbyggjaranes gunst, men heradet sparar kostnaden ved eiga taksering.

		2021	2022	2023	2024	Totalt
Stad	Ansvar: Finans (290)					
290.18740.8001.0 Eigedomsskatt		-451 481	-902 962	-1 354 442	-1 805 923	-4 514 808
<b>Sum utgifter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>-451 481</b>	<b>-902 962</b>	<b>-1 354 442</b>	<b>-1 805 923</b>	<b>-4 514 808</b>
<b>Sum netto</b>		<b>-451 481</b>	<b>-902 962</b>	<b>-1 354 442</b>	<b>-1 805 923</b>	<b>-4 514 808</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>		<b>-451 481</b>	<b>-902 962</b>	<b>-1 354 442</b>	<b>-1 805 923</b>	<b>-4 514 808</b>

### 3.4 Lån, renter og avdrag i planperioden

I framlegg til budsjett for 2021 legg me opp til at heradet skal ta opp lån på

- kr 27 433 686

Av dette er 5 000 000 utlån av startlånsmidlar, som i prinsippet skal vera sjølvfinansierande, og difor ikkje ligg inne med rente- og avdragskostnad. Dette er ein fast, årleg post og gjeld også resten av planperioden.

I planperioden er det framlegg om å låne:

- Kr 12 538 127 for 2022
- Kr 10 409 649 for 2023
- Kr 10 842 541 for 2024

Avdrag og renter:

For berekning av renteutgiftene har ein nytta kommunalbanken sine stipulerte budsjettrenter. Vidare så ligg nedbetalingstida på låna for det meste på 20 år, men for lån til omsorgstunet så har ein nytta nedbetalingstid på 30 år. Det er kommunelova § 50 som sett vilkår både for nedbetalingstid og berekning av avdrag. Lova seier : «Gjenstående løpetid for kommunens eller fylkeskommunens samlede gjeldsbyrde kan ikke overstige den veide levetiden for kommunens eller fylkeskommunens anleggsmidler ved siste årsskifte». Dette betyr i praksis at avdraga til heradet ikkje kan vera mindre enn avskrivningane. For rekneskapsåret 2019 balanserte dette.

Lån	Tabell 4	årleg avdrag	re.gj 31/12-20	re.gj 31/12-21	re.gj 31/12-22	re.gj 31/12-23	re.gj 31/12-24
20080355	6 500 000	325 000					
20090166	7 692 450	384 623					
20090765	4 202 000	210 100					
20100969	2 500 000	125 000					
Refinansiering							
20120647	15 735 040	983 440	11 801 280	10 817 840	9 834 400	8 850 960	7 867 520
Nytt lån 2013	0	0	0	0	0	0	0
Nytt lån 2014	0	0	0	0	0	0	0
20150485	42 691 470	2 134 574	32 018 603	29 884 029	27 749 456	25 614 882	23 480 309
20160593	1 991 338	99 567	1 593 070	1 493 504	1 393 937	1 294 370	1 194 803
nytt lån va-prosjekt lån 2017 eige sak	11 850 000	592 500	10 072 500	9 480 000	8 887 500	8 295 000	7 702 500
Nytt lån 2017	9 654 516	482 726	8 206 339	7 723 613	7 240 887	6 758 161	6 275 435
Nytt lån 2018	37 148 715	1 238 291	34 672 134	33 433 844	32 195 553	30 957 263	29 718 972
Nytt lån 2019	15 500 000	516 667	14 983 333	14 466 667	13 950 000	13 433 333	12 916 667
lån 2019 mellombels finansiering	36 330 000	0					
Nytt lån 2020	15 382 085	512 736	15 382 085	14 869 348	14 356 612	13 843 876	13 331 140
Nytt lån 2021	22 479 510	1 123 976		22 479 510	21 355 535	20 231 559	19 107 584
Nytt lån 2022	7 538 127	376 906			7 538 127	7 161 221	6 784 314
Nytt lån 2023	5 409 649	270 482				5 409 649	5 139 167
Nytt lån 2024	5 842 541	292 127					5 842 541
<b>SUM</b>			<b>128 729 343</b>	<b>144 648 354</b>	<b>144 502 006</b>	<b>141 850 274</b>	<b>139 360 951</b>
			<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Avdrag			6 047 763	6 560 500	7 684 475	8 061 381	8 331 864
Renter			3 628 662	1 261 548	1 634 526	1 945 520	2 225 331
<b>SUM</b>			<b>9 676 425</b>	<b>7 822 047</b>	<b>9 319 001</b>	<b>10 006 902</b>	<b>10 557 195</b>

### 3.5 Investeringar i planperioden

<b>Investeringar 2021-2024</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Budsjett 2024</b>
IKT	2 275 000	2 585 000	1 365 000	390 000	560 000
IKT skule	730 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Ny Brannmur	350 000				
Inventar barnehagen	300 000	635 000	200 000	200 000	200 000
Utreiing skule	250 000				
Inventar skule	400 000	800 000	300 000	300 000	300 000
Læremiddel skule	350 000	700 000	150 000	150 000	150 000
Uteområde skule	400 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Utstyr til helse og omsorg	50 000	724 970			
Kommunale bygg	4 669 000	6 049 000	3 306 000	2 078 000	2 078 000
Kommunale vegar	2 500 000	4 500 000	1 200 000	2 000 000	1 950 000
Utlån av startlånsmidlar		5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Innbet til husbanklån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Utlån av startlån					
Investeringar avløp ihht plan	3 000 000	2 850 000	1 000 000	500 000	500 000
Investeringar vatn ihht plan	3 100 000	2 850 000	1 000 000	500 000	500 000
Ulvik Sjukeheim ny/rehabilitering	11 344 537				
Utstyr og lager brannvern		327000			
Implementering av Komtek KLP-eigenkapitalinnskot		295868			
<b>Sum</b>	<b>29 468 537</b>	<b>28 016 838</b>	<b>14 221 000</b>	<b>11 818 000</b>	<b>11 938 000</b>
Finansiering	29 468 537	28 016 838	14 221 000	11 818 000	11 938 000
Overføring drift	1 684 982	483 152	1 582 873	1 308 351	995 459
Bruk av fond					
Avdrag lån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
<b>LÅN</b>	<b>27 683 555</b>	<b>27 433 686</b>	<b>12 538 127</b>	<b>10 409 649</b>	<b>10 842 541</b>

I framlegg til budsjett for 2021 er det lagt inn investeringar i IKT, inventar barnehagen, inventar og læremiddel til skulen, uteområde på skulen, opprusting kommunale bygg og kommunale vegar, opprusting av utstyr til helse, nytt lager til brannvesen og implementering av Komtek som verkty for kommunale gebyr og avgifter. I tillegg er det lagt opp til investeringar i vatn og avlaup etter føreståande plan. Fleire av investeringane er videreføring av løyvde investeringar for 2020 som er utsatt eller ikkje starta opp grunna koronapandemien. 2020 rekneskapen på investering er ikkje samanliknbar mot budsjett, og ser ut til å kunna enda opp med 17 millionar mindre i låneopptak enn budsjett. Til saman er det lagt opp til investeringer lik kr. 28 016 838 i 2021.



I planperioden er det framlegg om investeringar

på: Kr 14 221 000 for 2022

Kr 11 818 000 for 2023

Kr 11 938 000 for 2024

### 3.6 Disponible fond

Konto	Konto (T)	
25300100	Investeringsfond	7 235 329
25300110	Ubunde inv. fond avbøtande tiltak	2 870 479
25600010	Disposisjonsfond - likviditetsreserven	2 482 012
25791000	Disposisjonsfond u-disp.	3 907 988
25791002	Disp. fond overskot 2010	47 810
	Disponible midlar	16 543 618

Ulvik herad har disponible midlar på fond på kr 16 543 618 pr november 2020. Då er det teke omsyn til allereie vedtekne løyvingar og tilbakeføring av ubrukte midlar til omsorgstunet.

### 3.7 Næringsfondet

Budsjettert bruk av næringsfond 2021				
Teneste	Tekst	2021	2020	2019
<b>3250</b>	Tilrettelegging næring			
	Samfunnsutviklar 100 %	963 503	730 000	442 100
<a href="#">16/334</a>	Hardangerviddatunnelene	25 000	25 000	25 000
<a href="#">16/267</a>	Kunsnarhusvære i Berlin	15 000	15 000	5 000
	Honorar AONGrieg	140 000	100 000	90 000
19/484	Visit Hardangerfjord AS	434 670	427 405	390 000
<a href="#">09/30-5</a>	(LVK) Landssamansl. av Vasskraftkommunar	155 000	150 000	130 000
<a href="#">15/421-50</a>	Fjordvegen Rute 13	35 000	35 000	35 000
<a href="#">11/281-1</a>	Utmarkskomm sammenslutning	45 000	45 000	33 000
19/375	Ulvik Næringslag	250 000	950 000	972 000
<a href="#">17/198</a>	Hardangerrådet	215 000	215 000	208 970
<a href="#">Retningsl.</a>	SNP/Tilskot	600 000	600 000	600 000
<a href="#">19/178</a>	Nynorsk kultursentrum - Haugesenter	1 150 000	1 130 000	1 100 000
<a href="#">13/74</a>	Poesifestival (sjå avtale §4.7 og 8.1)	585 500	578 000	551 100
	Cittaslow	100 000	100 000	200 000
	Diverse driftsutgifter	212 775	212 775	176 576
	Sentrumsplanting	0	0	30 000
<a href="#">19/248</a>	Hardingpuls - Årleg tilskot	15 000	15 000	15 000
<a href="#">12/44</a>	Medlemskontingent Forum nye Bergensbanen	39 500	38 877	38 120
19/388	HardangerSUS - Årleg tilskot	25 000	25 000	25 000
19/382	Cruise destinasjon hardangerfjord	40 000	40 000	120 000
	Folkehelse/Stirydding/Skilting av turløyper	50 000	50 000	50 000
<a href="#">17/758</a>	Handelslagsprosjektet	0	0	40 000
<a href="#">15/421-22</a>	Rettslokale på Lofthus	14 000	14 000	13 450
<a href="#">?</a>	Turistbåt rute	50 000	50 000	
	Reiselivsstrategi for Ulvik jfr.SNU	300 000	300 000	
	Rekrutteringsmesse/digital profil Ulvik herad jfr.SNU	100 000	100 000	Prosjekt over 2 år. Rest frå 2020 ca 75000
<a href="#">20/498-2</a>	Trakkemaskin Ulvik IL	100 100		
	<b>SUM 3250</b>	<b>5 660 048</b>	<b>5 946 057</b>	5 290 316
<b>1202</b>	Rådmann nyttar 20% av si tid til næringsutvikling fram til ny bygde og næringsutviklar er tilsett.	0	0	264 600
<b>3252</b>	Ulvik Turistkontor	750 000		
<b>3253</b>	Tilrettelegging jordbruk			
	Norsk Landbruksrådgjeving	50 000	50 000	50 000
	Løn med mer næring	436 119	374 000	205 000

		486 119	424 000	255 000
<b>3255</b>	Tilrettelegging skogbruk			
	Løn/drift næringsadm	326 135	374 000	253 000
<b>3256</b>	Veterinærteneste			
	Kjøp av tenester privat jnr.15/425-17 (140.833)	102 700	200 000	230 000
<b>3333</b>	Osafjellsvegen	41 200	41 200	40 000
<b>3852</b>	"Frie" kulturmidlar	103 000	103 000	100 000
<b>3601</b>	Vilt/utmarksnæring			
	Løn/administrasjon	74 121	108 000	108 000
<b>3750</b>	Museum			
	Hardanger og Voss Museum	11 000	12 000	12 000
<b>3850</b>	Kulturadm.			
	Lønn kulturkonsulent	434 000	434 000	424 000
<b>3650</b>	Kulturminneforvaltning			
	Tilskot kulturvern	50 000	50 000	60 000
SUM		8 038 323	7 692 257	7 136 916

Konto	Konto(T)	Vedtak 2021	Framlegg 2020	Budsjett 2019
<b>3250</b>	<b>Tilrettelegging næringsliv</b>			
10100	Fast lønn	728 861	547 000	304 000
10900	Pensjonspremie KLP	140 400	110 900	82 000
10909	Ulykkes- / Gruppelivsforsikring	2 100	2 100	2 100
10990	Arbeidsgjevaravgift	92 142	70 000	54 000
11152	Komm. servering	14 420	14 420	14 000
11208	Diverse materiell	2 210	2 210	2 146
11301	Telefontenster	5 580	5 580	5 417
11401	Lysing/reklame/info	47 370	47 370	45 990
11402	Representasjon	100 000	100 000	200 000
11500	Opplæring / kurs	16 000	16 000	15 534
11600	KM-godtgjersle	10 632	10 632	10 322
11951	Kontingentar, lisensar, gebyr	414 500	368 877	326 120
12000	Inventar og utstyr	5 580	5 580	5 417
12301	Vedlikehald anlegg	30 900	30 900	30 000
12700	Konsulenttenester	26 008	26 008	25 250
12701	Juridisk rådgjeving	54 075	54 075	52 500
14700	Tilskot til næringsutv.	3 754 270	4 319 405	3 906 550
14701	Tilskot interkom. inst.	215 000	215 000	208 970
19501	Bruk av næringsfondet	5 660 048	5 946 057	5 290 316

#### 4. Tiltaksliste for heradet og andre aktører

Heradet har motteke søknadar frå fleire aktørar om løyving av ekstra midlar. Under fylgjer prioriterte, og ikkje prioriterte søknadar

##### 4.1 Andre aktører:

##### Drift (Prioritert):

Tiltak	017: Auke av tilskot til næringslaget i høve søknad
Beskrivelse	Næringslaget har sendt inn søknad om kr. 250.000 i støtte. Utgangspunktet for budsjettet er videreføring av totalt kostnadsnivå for turistkontoret for 2021, og støtte til næringslaget er lagt inn med 200.000 i støtte. Tilslag på søknad tilråast frå administrasjonen og bruk av næringsfondet aukar med kr. 50000.

	2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Stab/støtte (210)				
210.14700.3250.0 Tilskot til næringsutv.	50 000	50 000	50 000	50 000	200 000
210.19501.3250.0 Bruk av næringsfondet	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-200 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>50 000</b>	<b>50 000</b>	<b>50 000</b>	<b>50 000</b>	<b>200 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-50 000</b>	<b>-50 000</b>	<b>-50 000</b>	<b>-50 000</b>	<b>-200 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

<b>Tiltak</b>	<b>022: Støtte til tråkkemaskin HST</b>
Beskrivelse	Støtte til tråkkemaskin til Ulvik idrettslag, i høve HST-vedtak. 100068 kr løyvast årleg til dekkjing av lån lik kr. 450.000 over 5 år.

	2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Stab/støtte (210)				
210.14700.3250.0 Tilskot til næringsutv.	100 068	0	0	0	100 068
210.19501.3250.0 Bruk av næringsfondet	-100 068	0	0	0	-100 068
<b>Sum utgifter</b>	<b>100 068</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>100 068</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-100 068</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-100 068</b>
<b>Sum netto</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Drift (Ikkje-prioritert):

<b>Tiltak</b>	<b>006: Auke av ramma til kyrkja 2021</b>
Beskrivelse	Auke av ramma til kyrkja etter ynskje frå kyrkjekontoret for 2021. Tilbakeføring av nedtrekk lik 53350 og auke av øvrig ramme lik 207642.

	2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Stab/støtte (210)				
210.14702.3900.0 Diverse tilskot	260 992	0	0	0	260 992
<b>Sum utgifter</b>	<b>260 992</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>260 992</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>260 992</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>260 992</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>260 992</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>260 992</b>

## 4.2 Heradet: Prioriterte tiltak:

Kapittel : Stab	
Tiltak	016: Auka revisjonskostnadar kontrollutval
Beskrivelse	Auke av revisjonskostnadar i tråd med budsjettforslag til kontrollutvalet. Sjå eiga vedlegg til budsjetthandsaminga. Auke på 68556 etter justering for prisvekst.

	2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Stab/støtte (210)				
210.11500.1004.0 Opplæring / kurs	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-120 000
210.12700.1004.0	4 200	4 200	4 200	4 200	16 800
Konsulenttenester					
210.13501.1004.0	94 356	94 356	94 356	94 356	377 424
Distriktsrevisjonen					
<b>Sum utgifter</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>274 224</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>274 224</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>68 556</b>	<b>274 224</b>

Kapittel : Oppvekst	
Tiltak	007: 10-deling skule frå og med 2021
Beskrivelse	10-deling av skule frå og med vår-semesteret 2021- 610.000. Dekkjast inn ved bruk av disposisjonsfond (300.000) og redusert bruk på teneste 2610 etter sal av gamle sjukeheimen.

	2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Undervisning (230)				
230.10101.2020.0 Fast lønn lærarar	496 880	0	0	0	496 880
230.10901.2020.0 Pensjonspremie STP	54 657	0	0	0	54 657
230.10990.2020.0 Arbeidsgjevaravgift	58 463	0	0	0	58 463
<b>Sum utgifter</b>	<b>610 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>610 000</b>

<b>Sum inntekter</b>	0	0	0	0	0
<b>Sum netto</b>	<b>610 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>610 000</b>
Sted	Ansvar: Leiar bygningsavdeling (283)				
283.11800.2610.0 Straum	-310 000	0	0	0	-310 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>-310 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-310 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>-310 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-310 000</b>
Sted	Ansvar: Finans (290)				
290.19400.8800.0 Bruk av disposisjonsfond	-300 000	0	0	0	-300 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-300 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-300 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>-300 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-300 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Ikkje-prioriterte tiltak:

Kapittel : Oppvekst	
Tiltak	014: Tilbakeføring av deltids plassar i barnehagen
Beskrivelse	Per utgangen av 2020 har UH sin barnehage tilsvarande 1,6 tapte barnehageplassar som tilbyding av deltids plass. Dette gjev eit inntektstap tilsvarande 54176. Ved fjerning av dette tilbodet aukar innteninga tilsvarande.

	2021	2022	2023	2024	Totalt
Sted	Ansvar: Barnehage (220)				
220.16000.2010.0 Brukarbetaling f	54 176	54 176	54 176	54 176	216 704
<b>Sum utgifter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>216 704</b>
<b>Sum netto</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>216 704</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>54 176</b>	<b>216 704</b>

## 5.

### 5.1. Politisk styring

Heradsstyret og formannskapet er dei sentrale styringsorgana i Ulvik herad. I tillegg er det eit eige partsamansett utval (administrasjonsutvalet). Ut over dette er det ei rad utval som i varetek ulike politiske ansvarsområde som t.d.

Viltnemnd og Fjellstyre. Heradsstyret er vedtaksorgan for budsjett og økonomiplan, etter tilråding frå formannskapet.

#### Heradsstyre og formannskapet 2019-2023

##### **Heradsstyret frå 16.10.2019**

Venstre (3): Reidar Meel, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.

Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Annlaug Brandstveit, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.

Senterpartiet (5): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Kåre Olai Solheim, Marit Aarekol og Jon O. Heggseth.

Høgre (2): Stig Røkenes og Kari Sandøy-Jarman.

Sosialistisk Venstreparti (2): Gunnbjørg Øyre og

Harald Johnsen.

##### **Formannskapet frå 16.10.2019**

Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Reidar Meel (V) og Eva Kristin Dahl (SP)

#### **Politiske føringar.**

Arbeidet med ein økonomiplan må vera tufta på politiske føringar. Heradsstyret og tillitsvalde fekk presentert status for året og kjende utfordringar for komande år i eit økonomiplanseminar som vart halde i kongressalen på Brakanes den 24. september 2019.

Det nye omsorgstunet står klart frå og med november og vil gjeva nye og betre tilbod til brukarane av den gamle sjukeheimen. Drifta av heradet vil no måtte tilpassast slik at også tenestene til innbyggjarane forøvrig held



så god kvalitet som råd. Det å leggje til rette for gode oppvekstvilkår, gode helse og omsorgstenester og næringsutvikling som igjen skapar aktivitet og arbeidsplassar vert også vekta tungt inn i dei politiske føringane.

## 5.2. Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling

### Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling

#### Verksemda

Ansvar 210 femner om desse tenestene: Rådmann, politisk verksemd, styring og kontroll, felles administrasjon, felles personalarbeid, HMT, økonomi, bibliotek, IKT, kultur, næring og tilskot til kyrkja.

Det er 14 personar tilsett i stab (inkl. rådmann) fordelt på 11,4 årsverk. Det er høg motivasjon og god fagkunnskap blant dei tilsette.

#### Rammeendringane i budsjett- og økonomiplandokument

Reduksjon i personalressursar dei siste åra:

- Lokalhistorisk arkivar, 40 % stilling, avvikla 01.01.2021
- Flyktningkonsulent, 40 % stilling, avvikla 01.01.2020
- Bibliotekmedarbeidar, reduksjon 10 % stilling i 01.04.2019
- Bygde- og næringsutviklar, 100 % stilling, avvikla 01.02.2019
- Kultursjef 100 %
- Økonomimedarbeidar 20 %
- Arkivar 5 %
- Avvikla Frivilligsentralen

Auke i personalressursa siste år:

- Reiselivs- og næringssjef 01.10.2020, 100 % stilling

Anna:

- Hovudtillitsvald (30 % still) flytta frå Helse og omsorg utan budsjettkompensasjon (2019)
- IKT-ressurs (20 % still), flytta frå skule utan budsjettkompensasjon (2019)

#### I budsjettet for 2021 er det gjort fylgjande endringar frå budsjettåret 2020:

##### Reduksjon:

- Kr. 110 000  
reiseutgifter ordførar og rådmann (Korona, digitale møter)
- Kr. 102 000  
Lisensar (avvikla)
- Kr. 50 000  
Kyrkja, nedtrekk på ramma (Sum ramme 2021: kr. 1 675 000)  
I periode 2021 – 2023 årleg nedtrekk på kr. 50 000 i året

- Kr. 130 000  
Tilskot til livsyn- og trdomssamfunn. Staten overtek frå 01.01.2021
- Kr. 235 000  
Skatteinnkrevjing. Staten overtek frå 01.01.2021
- Kr. 200 000  
Lønsreduksjon administrasjon (Flyktning)
- Kr. 241 000  
Lønsreduksjon lokalhistorisk arkiv avvikla 01.01.2021
- Kr. 30 000  
Driftsutgifter bibliotek

#### Auke:

- Kr. 80 000  
Val
- Kr. 260 000  
Digitalisering, nye lisensar (budsjett, digitalt arkiv, varslingsystem, avvikssystem, etc)
- Kr. 235 000  
Opplæring AMU, beredskapssystem, Teams, digitalt arkiv, etc
- Kr. 65 000  
Frikjøp politikarar
- Kr. 35 000  
Økonomiseminar, kommunal servering politiske møte

#### Endring:

- Km-godtgjerlse for 75.000 er erstatta med leasingkostnadar for elektrisk administrasjonsbil.

#### Bruk av næringsfondet:

Bruken av næringsfondet er om lag på same nivå som i 2020. Tilskota er justert for konsumprisindeksen. Nokre løyvingar frå 2020 er overfør til 2021, dette gjeld:

- Reiselivsstrategi, kr. 300 000
- Rekrutteringsmesse/digital profil, restsum kr. 75 000

Ulvik herad overtek drifta av turistinformasjonen og tilskotet til Ulvik næringslag vil bli redusert slik at det dekkjer drifta av turistkontoret. For 2021 er dette beløpet sett til 750.000kr som dekkjer ei 40% stilling, 120.000kr i husleige, 150.000kr i straum- og vedlikehaldsutgifter og ein diversepost som mellom anna skal dekkja sesongtilsette og innleige ved høgsesong.

#### **Investering, lagt inn fylgjande i økonomiplanperioden:**

Investeringar IKT - adm.					
År	2021	2022	2023	2024	Merknader
Nye trådlause sendarar skule/bib/Elvatun	75 000				Fullføre oppsett av sendarar ute i Ulvik
Acos digitalt arkiv og redesign heimeside	240 000				Sum overført frå 2020. Nettsider og skjemadatabase
Acos Eigedom		400 000			Modul til byggsak, skanning av byggesaksarkiv.
E-signering websak		140 000			Del av digitaliseringa av sakssystem
Avlevering til arkiv, 1992 - 2000			40 000	210 000	Ikah klargjer og tek imot saksarkiv for UH
Mobilt sentralbord/mobilt bedriftsnett	100 000				Sum 2020 og 2021 samla, overført kr. 50 000 frå i fjor
IT-Investering Kvam	170 000	200 000	200 000	200 000	Fast sum basert på avtale.
Faste investeringar	130 000	150 000	150 000	150 000	Fast sum basert på avtale.
Heradsstyresalen	1 500 000				Ny IKT-struktur i hst-sal. Utgreiing haust 2020 (usikkert tall!)
Teams	100 000				Innføring og oppløring
Turistinformasjon	90 000				Nytt utstyr + infrastruktur
UPS	80 000				Sentrumsbygget, betre oppetid ved straumstans - beredskap
Acos Websak + og Basis 8		400 000			Oppgradering av Fokus og Basis
Oppgradere møterom kultur/helseavd.		75 000			Innkjøp av skjerm til presentasjon, kurs og møter
HMT: Avvik dataarb.plass - Lys arb.plass	100 000				Har lukka alle avvik del 1, må gjera noko med lystilhøve
<b>TOTALT</b>	<b>2 585 000</b>	<b>1 365 000</b>	<b>390 000</b>	<b>560 000</b>	

Heradsstyresalen har lenge hatt eit dårleg oppsett innan IT: Nettverk, kabling, prosjektor, ingen tilgang til streaming, etc. Planen er å utarbeida ei prosjektskisse på dette haust 2020 og gjera investeringa i nytt oppsett og utstyr i 2021. Investeringssummen er usikker pr. no.

Dei andre investeringstiltaka er omtala under «Faglege målsetjingar og strategiar».

## Faglege målsetjingar og strategiar

### 1. Oppgradera IKT-struktur i Ulvik herad

Det er gjennomført oppgradering av trådlaus infrastruktur på Brakanes skule, omsorgstunet, sentrumsbygget, biblioteket og i barnehagen. EU-prosjektet med fokus på wifi i offentleg rom er sluttfasen. Arbeidet med å montera sendarar på offentlege plassar vil fortsetta i 2021 slik at tilgangen til internett både inne og utandørs i Ulvik vert betre.

Det virtuelle miljøet er oppdatert og backup av brannmur og liknande er på plass.

I 2021 er det stort fokus på å oppgradera IKT-struktur og utstyr i hst-salen.

Me tek sikte på å avvikla telefonsentral og gå over til mobilt bedriftsnett og Teams.

Ulvik herad skal overta turistinformasjonen og det er behov for ei mindre investering i IT-utstyr og infrastruktur i lokala.

Det vil bli kjøpt inn og kopl opp betre UPS'ar (batterisystem) på sentral infrastruktur på Sentrumsbygget. Dette for at datalinjer og liknande er oppe og går ved straumbrot.

Det er gjennomført ei oppgradering av det digitale utstyret i møteromma og dette har bidratt til ei auka deltaking på fagkurs, konferansar og møter og har som mål å redusera reiseutgiftene framover.

Møterommet på kultur og helse treng ei oppdatering og det er lagt inn investeringsmidlar på 2022.

## **2. Digitalisera arbeidsprosesser i Ulvik herad**

Ved budsjettinnspel 2020 var eitt av måla innan arkiv å få på plass elektronisk saksarkiv for Ulvik herad innan sommaren 2020. Dette har vi har oppnådd. For å vidareutvikla digitale prosessar internt og eksternt har vi mellom anna komme godt i gang med utforming av digitale skjema, sikker digital post både til og frå heradet via SvarUt/Inn, rutinar for vedtaksoppfølging m. m.

I tillegg til elektronisk saksarkiv var planen å oppgradera Ulvik herad sine heimesider både mtp redesign og redaktørmodul ila 2020. Dette er utsett til 2021 og midlar til prosjektet videreførd til komande år. Heimesidene skal utviklast vidare basert på både dei tilsette sine behov og brukarane sine forventningar. Moderne design, brukarvenleg struktur, godt innhald, funksjonalitet for sjølvbetening og tilgjengelighet 24/7 står sentralt i arbeidet med heimesidene framover. Det vert jobba med ei heilskapleg profil for Ulvik herad. Eit spanande arbeid som naturleg vil påvirke uttrykket på heimesidene.

Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å fornya, forenkla og forbetre. Det handlar om å tilby tenester som er enkle å bruke, effektive og pålitelige. Vi må kontinuerleg utvikla fagkompetansen og halde oss oppdatert innan digitalisering slik at vi kan:

- Ta gode avgjerdsler når det kjem til digitale behov både internt og eksternt.
- Auka kompetansen når det kjem til digital langtidsbevaring og tilgjengeleggjering.
- Fortsette arbeidet med å bygge inn nye og eksisterande rutinar og prosessar i våre digitale system

## **3. Intern opplæring av tilsette i økonomi- og sakssystem**

Staben har ei rolle inn mot resten av organisasjonen i opplæring i sakshandsaming- og økonomisystem. Det er viktig at tilsette handterer dei digitale verktøya godt, og det er difor jamlege kurs gjennom året. Det er innført nytt verktøy for budsjett og rapportering, det vil vera fokus på å få god kunnskap om dette systemet. I tillegg skal me jobba meir med rekneskapsrapportering gjennom året og det vil vera opplæring på dette.

#### 4. Rullering og vedtak av planverk

Stab	Vedtatt	Reviderast
Strategisk nærings- og utviklingsplan. 2019 - 2024	2019	2024
Temaplan for kulturarv: Kulturarvstrategi for Ulvik herad, 2019-2029	2019	2029
Bevaring- og kassasjonsplan for Ulvik herad (Arkivplan)	2019	2027
Plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	2006	2020
Heilskapleg ROS for Ulvik herad		2020
Overordna beredskapsplan for Ulvik herad		2020
Kompetanseplan for Ulvik herad	2009	2022
Lønspolitisk plan for Ulvik herad	2012	2021
Personalpolitiske retningslinjer	2016	2021
Målbruksplan	1999	2022
Etiske retningslinjer	2007	2022

Som tidlegare påpeika er det stort etterslep på planar på stabsområdet og dette er tidkrevjande prosesser. Det er viktig å involvera tilsette og interessentar i prosessen slik at alle får eit eigarforhold til planen. På det viset sikrar ein at vedtatte planar vert nytta i praksis.

I 2021 vil det fortsatt vera fokus på planverk knytt til beredskap. Planen for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal vedtakast i 1. kvartal og vil vera eit godt verktøy. Lønspolitisk plan er frå 2012 og er moden for revidering, arbeidet er starta i 2020 og målet er slutføring 1. kvartal 2021. Dette er ein plan som er viktig for både lønsplassering og lønsforhandlingar i Ulvik herad. Personalpolitiske retningslinjer vart vedtatt i 2016 og bør no oppdaterast med bl. a. nytt lovverk for varsling.

#### 5. HMT

Me har hatt ein overordna HMT-plan som er vedtatt av AMU. Målet for 2021 er at kvar eining i tillegg skal ha ein HMT-plan med tiltak som er særskild relevante for dei.

Me har hatt fokus på å involvera verneombod og mellomleiarar meir i HMT-arbeid. Dette vil fortsatt vera fokus i 2021. Ein tek sikte på å ha 1 – 2 fagdagar for denne gruppa. I tillegg er det satt ned arbeidsmiljøgrupper i alle einingar der verneombod og tillitsvalde deltek på drøftingar ilag med leiar.

Frå januar 2021 er nytt avvikssystem tatt i bruk og det vil vera fokus på opplæring og at tilsette melder avvik. Avviksmeldingar er eit godt verktøy for å gjera oss betre.

Det er situasjonar der brukarar av kommunale tenester utøver vold, og me vil ha særskild fokus på å førebyggja og handtera dette. Det vil bli kurs i samarbeid med bedriftshelsetenesta på dette temaet.

Det er fortsatt fokus på å lukka avvika i samband med dataarbeidsplasskartleggjinga me gjennomførte i 2019 og 2020. Neste

fase er lystilhøve på kontor og arbeidsplass.

Me har fortsatt fokus på trimtiltak for tilsette og velferdstiltak som haustfest og julehelsing, me håper at Koronasituasjon tillet gjennomføring av dette i 2021.

Me skal fortsatt jobba med å halda sjukefråvær lågt og ha gode rutinar rundt oppfølging av sjukemeldte.

## **6. Beredskap:**

Me fortset arbeidet med planverk og tiltakslistar i 2021. I tillegg er det fokus på å bli gode på beredskapsverktøyet CIM. Me vil aktivera beredskapsrådet, og elles delta på fagdagar og møte med fylkesmannen. I tillegg deltek Ulvik i ei regional arbeidsgruppe med Voss, Ullensvang og Eidfjord. Dette arbeidet er i startfasen. Fokus 2021 er at alle einingar har gode planar, rutinar og kunnskap om beredskap i si eining og drift.

## **7. Kultur**

Kinoen i har visningar kvar søndag. Ein må ha tru på at 2021 kan bli eit meir normalår for Kino-Norge. Grunna nedstenging og Covid 19 har utfordringa i 2020 vore at fleire kinofilm har gått på streamingkanalar og dei aller fleste større kinofilm frå Hollywood er flytta til 2021. I snitt er det kring 20 personar personar på kvar film. Barnefilm, norske film, samt blockbusters er det som trekkjer flest besøkjande. Vi har gratis filmframvising for barnefamiljar på 17. mai og familiefilm på julegataopning er ein sikker suksess. Kinoen har òg skulefilmframvising, som vert finansiert gjennom Den kulturelle skulesekken.

I november går starten for den nasjonale kinokampanjen «Få publikum tilbake på kino». Målet er å begeistre og minne folk om kinoopplevinga og om at film er best på kino.

Det vert årleg gjennomført fleire arrangement i lokal regi innafor ordninga Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Tilskotet frå fylket til Den kulturelle skulesekken for 2021 er redusert frå kr. 28.000 til 17.000. Her går heradet inn med same beløp. Den kulturelle spaserstokken får kr 38 000 i tilskot frå fylket. Vi får til mange fine arrangement av desse midlane, og voner 2021 vil gje oss meir føreseielege vilkår for å få til arrangement.

Tilskotsordningane kulturmidlar, kulturvernmidlar, kulturpris vert handsama på vårparten. Tilskot til ulike arrangement/kulturaktivitetar vert handsama fortløpande.

I tillegg er det handsaming av årleg søknadar til næringsfondet og utbetaling av årlege tilskot.

Etter som arkivaren i Lokalhistorisk arkiv går av med pensjon, vert det arbeid med å gjera hans arbeid betre tilgjengeleg digitalt. Gjennom Arkivportalen vil ein finne mykje av registreringane som er utført.

Me handterer spelemidlar søknader kvart år, og har godt samarbeid med

fylket på dette.

For 2021 vil Brakanes Skule søkje spelemidlar til aktivitetsløype på skuleplassen og UIL kjem med fornying av søknad.

Ulvik har fatta vedtak om å byggje dagsturhytte i 2021, og ein del arbeidstid vil gå med til dette for administrasjonen.

Biblioteket har planar om samarbeid med fylkesbiblioteket, dei andre biblioteka i regionen og Haugesenteret. Me håper at det blir eit normalår der ein kan ha arrangement på biblioteket. Det er fokus på fortsatt godt samarbeid med skule og barnehage. Ein vil planleggja for temakvelder som lesering, filosofi, sjakk og språkkåfe.

### **8. Næring, reiseliv og bukommune**

Utarbeiding av Reiselivsstrategi for Ulvik vil bli starta i 2021. Løyving frå 2020 vil bli overført til 2021. Det er fatta vedtak om oppstart av utvikling av Promenadeområdet og dette vil ha fokus i 2021.

Ulvik herad overtek drifta av turistinformasjonen januar 2021, og det vil vera fokus på å få ei god drift her. Samarbeidet med Ulvik næringslag er viktig og me vil bruka tid på det. Ulvik næringslag er bindeleddet inn mot næringslivet i Ulvik.

Næringssjef vil rådgje næringsaktørar i støtteordningar som fins, og vera behjelpelig med kurs og informasjonsmøte for næringsdrivande.

Det er viktig med eit regional fokus og samarbeid med regionale aktørar som Visit Hardangerfjord, næringshagane i Hardanger, Visit Voss, andre turistkontor i Hardanger- og Bergensregionen.

Cittaslowarbeidet i Ulvik er viktig og me vil jobba vidare med synleggjering i 2021.



### **5.3. Barnehage**

Ulvik barnehage er i stadig endring. Etter nokre år med mindre endringar i barnetalet, vert det større endringar i 2021.

Barnehagen legg opp til tenesteproduksjon og drift som er i samsvar med Lov om barnehage og tilhøyrande regelverk. Framlegget er i samsvar med norm for bemanning og pedagogisk bemanning.

Per januar- februar har Ulvik barnehage 60 barn/76 plassar fordelt på 4 avdelingar. Det er 16 barn under 3 år og 44 barn over 3 år.

Modulavdelinga er tilleggsareal.

Frå august 2021, går barnetalet tilbake, 17 barn går over til skulen. Det er rekna med nye søkjarar, rundt 5 barn under 3 år og 2 barn over 3 år.

Totalt i barnehagen reknar ein med 12 barn under 3 år og 38 barn over 3 år, 50 barn/62 plassar.

feb.21		Teoretisk sett:	
under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"
10	4	69,3	-1,1 %
6	5	51,98	17,5 %
	17	68	17,5 %
	18	72	12,5 %
		0	100,0 %
<b>16</b>	<b>44</b>	261,3	29,0 %

aug.21		Teoretisk sett:	
under 3 år	over 3 år	Plass-behov	"Rest"
		0	100,0 %
12		63,96	-1,5 %
	18	72	12,6 %
	20	80	2,7 %
		0	100,0 %
<b>12</b>	<b>38</b>	216	41,3 %

aug 2019: 2020 folkeregister	
2020	4
2019	9
2018	9
2017	15
2016	13
2015	17

u. 3 år	o. 3 år	total
16	44	<b>60</b>
32	44	<b>76</b>

u. 3 år	o. 3 år	total
12	38	<b>50</b>
24	38	<b>62</b>

feb.21		
u. 3 år	o. 3 år	sum:
5,3	7	12,7
2,3	3,1	6,0

aug.21		
u. 3 år	o. 3 år	sum:
4,0	6	10,3
1,7	2,7	5,0

Bemanninga er rekna ut frå tal barn. Per februar vil me ha behov for 14,4 årsverk. Per august, vil me ha behov for 11,30 årsverk. Tala i tabellen er for grunnbemanning i høve tal barn totalt. Tabellen seier også kor mange pedagogar me har behov for ut frå tal barn.

I tillegg kjem styrarressurs og spesialpedagogisk ressurs/støtterressurs, totalt 14,4 årsverk vår 2021 og 11,3 årsverk haust 2021.

Støtterressursen er avhengig av kva behov som kan koma i løpet av året. Barn har rett til spesialpedagogiske tiltak og støtterressursar ut frå ei fagleg vurdering.

Det er sett opp 80% fast vikarressurs for heile 2021.

Ut frå nedgang i barnetal, lyt barnehagen gjennom nedbemanning. For å få ein best mogleg prosess i høve dette, vert det fremma forslag om vedtektsendring i høve søknadsfrist og opptak. Me vil føreslå søknadsfrist 1. mars, og eit hovuoopptak frå 15. 08, med høve til å starta opp utover hausten for dei yngste barna. (Jamf. Lov om barnehage § 12.a.)

Framlegg til vedtektsendringar vil koma i januar-februar

### **Andre driftspostar.**

Vikarposten er redusert med ca kr 200 000 i framlegget for 2021. Det vil krevja eit godt arbeid i høve reduksjon av sjukefråver og anna fråver i barnehagen.

Me vil få ein auke på ca 50 000 i posten for leikemateriell og aktivitetsutstyr. Elles er driftsbudsjettet for 2021 stramt.

**Inntekter. Foreldrebetaling.**

Her er det rekna med foreldrebetaling for tal bal barn som er forventa skal gå i barnehagen i 2021. Det er trekt frå stipulerte utgifter til redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Sats frå 01.01. 2021 er rekna med kr 3230 for heil plass.

**Investeringsbudsjett.**

Pengane som vart løyvde til oppgradering av barnehagen er overført frå tidlegare år.

Pengane som er sette av til inventar vert også overført til 2021.

Det vert arbeid vidare med oppstart og gjennomføring av tiltak i samarbeid med Teknisk avdeling.

## 5.4. Undervisning

### 1 Verksemda

#### Kap 230 Undervisning femner om:

- Grunnskuleopplæring, Skuleskyss, PPT/spesialundervisning, Skulefritidstilbod (SFO) og Kulturskule
- Aktivitetstilbod for born og unge omfattar drift av ungdomsklubben og leiar for ungdomsrådet
- Vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring. Gjeld også retten vaksne – inkludert minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.
- Verksemda skal levera tenester som sikrar at born, unge og vaksne sine rettar til god og likeverdig opplæring vert ivareteken, og at lover og føresegner vert haldne.
- Det godt utbygde kulturskuletilbodet har ei lovfesta minimumsramme; dvs. at alle kommunar skal ha kulturskuletilbod. Lova definerer ikkje i kva omfang tilbodet skal gjevast.

### 2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

#### No-situasjonen:

- Skulen har 115 elevar. Me har 16,85 pedagogiske årsverk, i tillegg kjem rektor og ass rektor med 1,6 årsverk. Me har sekretær i 37,5 % stilling og IKT-medarbeidar i 40 % stilling. Fagarbeidar-stillingar på skuledelen utgjer 3,98 årsverk. Kulturskulen har om lag 1,9 årsverk. SFO har 1,95 årsverk.
- Skulen har frå 2015 arbeid med samanslåtte klassar i enkelte fag. Skuleåret 2018-2019 var skulen 8-delt. Skuleåret 2019-2020 har skulen vore 9-delt. Skuleåret 2020-2021 har starta 9-delt.
- Skulen har 16 elevar med enkeltvedtak innan spesialpedagogikk. Det har vore arbeid med å ta ned ressursbruken dei siste åra. Utfordringa ligg i at nye skulestartarar har eit aukande behov for spesialundervisning.
- Eit godt læringsmiljø er framleis hovudsatsingsområdet til skulen. Heile lærarstaben har gjennomført eit digitalt kursopplegg i regi av Høgskulen i Innlandet, med mål om å vidareutvikla kollegiet sin kompetanse rundt eit godt læringsmiljø, med fråvær av mobbing og krenkingar.
- Undervisningseininga har i dag mange dyktige tilsette, med god kompetanse.
- Nesten alle Ulvik-elevane gjennomfører vidaregåande skule på normert tid, 3 år.
- Undervegsvurderinga i høve til resultat på nasjonale prøver, elevundersøkingar/foreldreundersøkingar og kartleggingsprøvar har over ein 3-års periode vore svake samanlikna med nasjonalt nivå. Skulen skal difor delta i fylkesmannen si oppfølgingsordning. Dette betyr at skulen får hjelp til å analysere stoda på ulike område, og hjelp til å setja inn tiltak.
- Kulturskulen har eit godt og variert tilbod. 75 elevar tar ut 105 elevplassar.
- SFO har teke imot alle som har søkt plass i rett tid. Til saman har 32 elevar plass i SFO.
- Frå skuleåret 2019-2020 har me avslutta norskopplæring for elevar med anna morsmål.

#### Utfordringar er m.a. knytt til:

- at skulen har ein stor del elevar med behov for til dels omfattande spesialundervisning.
- at skulen har mange minoritetsspråklege, eller med minoritetsspråkleg familiebakgrunn. Desse har ofte meir behov for støtte, tilpassing, tilrettelegging og hjelp enn elevar med norsk bakgrunn.
- at det er slutt på statlege overføringar til arbeid med flyktningar
- at skulen har hatt relativt stor personalutskifting
- at elevtalet i årskulla varierer mykje, noko som gjer at klassesamanslåing kan verta ei organisatorisk utfordring
- at me har ei utfordrande elevgruppe, med mykje uro og konflikhtar
- lite fleksible romløyningar. Det bør gjerast bygningsmessig endringar, slik at me får minst eitt stort klasserom til.
- mangelfull garderobeløysing på SFO, og manglande garderobeløysing samt lydisolering i administrasjonen
- manglande godkjenning etter Lov om miljøretta helsevern
- behov for opprusting av uteområdet på skulen
- behov for opprusting av sløyd-salen

#### **Mogelegheiter er m.a. knytt til:**

- at skulen arbeider for å skapa ein praktisk, variert og tilpassa skule ved hjelp av metodiske og didaktiske prioriteringar, m.a. valfaget ALF (arbeidslivsfag) og satsing på entreprenørskap for ungdomstrinnet
- at skulen har omorganisert skuledagen og innført fysisk aktivitet for alle elevane, kvar dag (heilt i tråd med fagfornyinga)
- vidareføring av aktiv TL-undervisning
- (ut)nytta gode fasilitetar som fleirbrukshall og rehabilitert symjehall.
- vidareføra uteskule for 1.-7. kl.
- digitale verkty som kan skapa meir variert, tilpassa og motiverande opplæring.
- å innføra lokal matkultur i tråd med Cittaslow satsinga.
- At me har fått tildelt Erasmus+ midlar, dvs at me planlegg ei utveksling for lærarar/andre tilsette i tråd med venskapsby-avtale med Greve in Chianti
- at me skal delta i oppfølgingsordninga til fylkesmannen i 3 år framover
- at me får på plass eit variert og funksjonelt uteområde for elevane våre
- at me får på plass eit moglegheits-studie av skulebygget
- at me får opprusta sløyd-salen, slik at den praktiske undervisninga får bløma

### **3 Rammeendringane i budsjettframlegget**

#### **Grunnlagsendringar:**

Brakanes skule har fått tilført ny teneste; Aktivitet for born og unge, med ungdomsarbeidar og ungdomsrådet. Ramma er justert for dette. Totalt: **320 000 NOK**. Ramma til helse- og omsorg er redusert med kr.320 000, og midlande og oppgåvene vert overført til Brakanes skule. Fylgjeleg er ikkje tiltaket ei ny utgift for heradet, men ei intern overføring frå eit ansvarsområde til eit anna.

PPT- tenesta frå Voss har auka frå om lag 450 000 NOK til 750 000 NOK, dvs. ein auke på **300 000 NOK**. Tenesta omfattar både skule og barnehage, men heile kostnaden vert ført på skule.

Ein auke i spes. ped. ressurs når det gjeld skuletilbod for barn i annan kommune, svarer til ein auke på **250 000 NOK**.

Nytt tiltak i skuletida for elev, alternativ opplæringsarena, kostnad på **150 000 NOK**.

Nytt tiltak er skuleplass for elev i annan kommune. Kostnaden kjem på om lag **500 000 NOK** på årsbasis. Ulvik herad vil ha denne kostnaden ei tid framover.

Skuleskyss – auka utgifter på kommunale vedtak, jf. sak til heradsstyret. Auken er på **255 000 NOK**.

Grunnskuleundervisning for framandspråklege er lagt inn med **280 000 NOK**. Dette skal dekkja kjøp av 4 plassar på Voss.

Tidleg innsats midlar var tidlegare øyremerka midlar på om lag **350 000 NOK** som skulen fekk frå staten. Frå no av er dette midlar som ikkje lenger er øyremerka, men går inn i kommunen sine samla inntekter. Denne inntekta er i budsjett 2021 tatt ut av ramma til skulen.

Brukarbetaling SFO er redusert med **62 000 NOK**, pga. færre born på SFO.

**Grunnlagsendringar: 1 735 000 (auka kostnader)**  
**320 000 (intern overføring frå helse/omsorg til skule)**  
**412 000 (reduserte inntekter)**

**IKT-stillinga** på 40 % er lagt inn i budsjettet frå 2021. Det er heilt nødvendig å ha med seg denne stillinga vidare. Skulen er rigga med ein-til ein løysing blant elevane og interaktive skjermar i alle klasserom. Det er behov for ein IKT-ressurs som kan drifta dette.

**Ny 1. klasse hausten 2021** har 17 elevar. Her er det behov for tett støtte og oppfølging. Ressursen som har vore nytta til dette i barnehagen, må flyttast over til skulen. Rammene må justerast tilsvarande.

Driftsbudsjettet har vore utsett for osthøvelen over tid, det er også gjort dette året. Vikarposten vart auka til 400 000 NOK i 2020-budsjett. Dette er ein realistisk sum, med tanke på at ein vanlegvis har behov for 600 000 NOK, og får om lag 200 000 NOK i sjukepengerefusjon i eit «normalår». Denne er no tatt ned til **350 000 NOK**. I tillegg har me tatt bort kostnaden til ekstrahjelp, som låg på **50 000 NOK**. Posten til arbeidsmateriell og utstyr er redusert med **30 000 NOK**.

## **Korleis skal skulen innrettast i åra framover?**

Det vart i budsjett 2020 tilført 970 000 kr for å 9-dela skulen ut kalenderåret 2020. Målet med dette grepet var å hindra ein 7-delt skule. I heradsstyret sitt budsjettvedtak, sak 114/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 punkt 18 heiter det: **«Ulvik heradsstyre ynskjer at det skal vera minimum 9-delt skule ved Brakanes skule. Endringane vert innarbeidd i budsjettet for 2020.»**

Dersom ressursen til 9-delning vert tatt ut frå 01. januar 2021, må me finna alternative løysingar allereie frå nyttår. Det betyr at ein eventuell samanslåings-kabal for neste skuleår må forskotterast frå 01.01.2021, ved at 1. og 2. klasse må slåast saman og 7. og 8. klasse like eins. Sidan me har personale tilsette i vikariat, vil me kunna løysa personalkabalen frå 01.08.2021. Dersom det skal gjerast grep før den til, vil me måtta seia opp tilsette.

Samanslåtte klassar vil krevja bygningsmessig justeringar. Me har berre eit stort klasserom pr i dag. Dette vil verta særst utfordrande med tanke på samanslåing av klassar. Saka om behov for **bygningmessig utgreiing av skulebygget (HST 031/19)**, for å drifra skulen i samsvar med vedtekne økonomiske rammer, vart tatt opp att i budsjett 2020. Det vart løyvd 250 000 NOK til føremålet. Det langsiktige arbeidet med å få skulen godkjent etter lov om miljøretta helsevern har ført til at det er gjennomført mange undersøkingar/målingar av inneklima og bygningsmasse. Fleire tiltak er under planlegging som eit resultat av dette. Bygningmessig utgreiing av skulen er sett på vent til 2021. Midlane må overførast til investeringsbudsjettet 2021.

### **Økonomiske betraktningar ved fulldeling/ulik grad av fådeling:**

Når me slår saman to klassar, på mellomsteget/ungdomssteget, held me dei likevel kvar for seg i basisfaga; norsk, matte og engelsk. Då står det att om lag 15 timar me kan slå dei saman. Dette vil utgjera ei eventuell innsparinga; om lag 70 % lærarstilling. Det er ofte behov for å setja inn ekstra kontaktlærar i desse klassane, noko som kostar 30 400 i kontaktlærartillegg og omtrent like mykje i tidsressurs. Med sosiale kostnader utgjær stillinga om lag 610 000 NOK. Ekstra kontaktlærar i samanslått klasse blir ei ekstra utgift, som samla sett kostar 60 000 NOK (funksjonstillegg og tidsressurs), dvs. at total innsparing blir på **550 000 NOK**.

På småtrinnet har me vore forsiktige med å slå saman klassar, pga. prinsippet om tidleg innsats. Dersom skulen skal 7-delast, må me likevel slå saman neste års 2. og 3. klasse. Me vil ikkje oppnå like stor innsparing, dersom me skal følgja same prinsippet om å ha dei kvar for seg i basisfaga. Her vil innsparinga verta på 11 undervisningstimar, dvs. 45 % stilling, som vil utgjera ei lønns-innsparing på 420 000 NOK. Ekstra kontaktlærar i samanslått klasse blir ei ekstra utgift, som samla sett kostar 60 000 NOK (funksjonstillegg og tidsressurs), dvs. at total innsparing blir på **360 000 NOK**.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett 2021 ligg det inne ressursar til ein 9-delt skule frå 01.01.2021.

- ✓ Ved ei 7-delning (samanslåing på alle trinn) sparar me ytterlegare 910 000 NOK, dersom ein legg inn 2 kontaktlærarar i klassane. Ved ein kontaktlærar sparar ein 970 000 NOK.

- ✓ Ved ei 8 deling (samanslåing på mellomsteget og ungdomssteget) sparar me ytterlegare 550 000 NOK, dersom ein legg inn 2 kontaktlærarar i klassane. Ved ein kontaktlærer sparar ein 610 000 NOK.
- ✓ Ved ei fulldeling (10 klassar), må me tilføra budsjett 2021 kr. 610 000 NOK

## Pedagogiske betraktningar rundt læringsmiljø og ressursar:

I heradsstyret sitt budsjettvedtak, sak 114/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 punkt 18 heiter det: **«Ulvik heradsstyre ynskjer at det skal vera minimum 9-delt skule ved Brakanes skule. Endringane vert innarbeidd i budsjettet for 2020.»** Me har fylgjeleg hatt midlar til 9-deling i 2020. Me har, i tillegg, slått saman heile ungdomstrinnet i fag, der det er naturleg at dei er saman; kroppsøving, språkleg fordjuping osv. Tilsvarande grep har me gjort på mellomtrinnet. I uteskule-øktene har me slått saman klassar slik at den ekstra ressursen me treng for å driva uteskule, kan brukast på tvers av fleire klassar.

Årets klassesamanslåing har vore utfordrande på mange måtar. Det var vanskeleg å landa på ei akseptabel løysing for samanslåing. Ungdomstrinnet ynskjer me å skjerma, då me har jobba mykje for å få eit godt læringsmiljø i ungdomsskule-gruppa. Det har me lukkast med!

I småskulen tenkjer me tidleg innsats, ut frå dei rammene me har. Ulike elevføresetnader i klassane på småsteget, gjer det ekstra utfordrande å slå saman klassar der. Om me hadde gått for ei slik løysing, ville det utløyst eit ressursbehov, som førte til at innsparinga vart minimal. Difor vart nedslagsfeltet på mellomtrinnet. Sidan 7. klasse hadde vore samanslått med klassen over i 2 år, ynskjer me at dei skulle få eit år åleine før dei skal over på ungdomssteget.

Me har krevjande klassar og stort hjelpebehov på skulen. Samanslåingar fell svært uheldig ut for mange av elevane våre. Me har erfart at læringsmiljøet vert skadelidande. Mobbing og plaging har eskalert denne hausten. Me har jobba med fleire § 9a-saker, dvs saker der elevar har vore utsette for krenkingar eller mobbing. I Opplæringslova §9a-3 er det lovfesta nulltoleranse mot mobbing. Det er dei vaksne sitt ansvar å gripa inn dersom dei har mistanke om at eit barn ikkje har det bra.

Når slike saker oppstår er det viktig at me har tilgjengeleg personale til å dekkja opp i både i timar og friminutt. Det er lett å koma inn i ein negativ sirkel, der utfordringane eskalerer. Det vert då vanskeleg å koma i posisjon til å etablere gode relasjonar og godt læringsmiljø. Samanslåing av klassar gjer det ekstra utfordrande å vera ein god klasseleiar. Me har dyktige tilsette, som set seg mål om eit godt læringsmiljø og ein inkluderande praksis. Det er trasig at me ikkje lukkast med dette!

Fleire foreldre har denne hausten meldt tilbake om at elevar er utrygge og har ikkje lyst til å koma på skulen. Dette ser me svært alvorleg på. Slik ynskjer me ikkje å ha det på Brakanes skule.

Brakanes skule skal vera med i Oppfølgingsordninga til Fylkesmannen. Dette er eit resultat av at skulen har hatt svake resultat på nasjonale prøvar, elevundersøking og avsluttande karakterar over fleire år. Ein kan spørja seg kvifor, og kanskje er svaret meir opp i dagen enn me likar å tru.

Brakanes skule har eit utfordrande elevmiljø, med mykje uro og konflikhtar. Me har difor søkt hjelp hjå PPT. Dei skal no inn og rettleia oss i 2 ulike systemsaker.



Dei siste åra har me brukt mykje energi på å tenkja på kva som skjer i neste budsjetttrunde, skal me vera 7-delt, 8-delt, 9-delt eller fulldelt (det siste har ikkje vore tema dei siste åra). Det har vore vanskeleg å planleggja langsiktig og etablera gode og varige løysingar. Elevtalet og elevsamansetninga i dei ulike klassane skaper utfordrande læringsmiljø i dei samanslåtte klassane. Det er verdt å ta med seg at me totalt sett har eit elevtal som foreløpig signaliserer ein fulldelt skule. Me får 17 førsteklasingar to år på rad no. Skuleåret 22/23 vil me vera oppe i 130 elevar att.

Kravet om å gje intensiv opplæring til 1.-4. klassingar som vert hengande etter i lese- og skriveopplæringa si, klarer me berre delvis å innfri innanfor dei ressursane me har til rådvelde. Når budsjettforslaget frå rådmannen (for 2021) har lagt opp til å ta bort midlane til tidleg innsats (350 000 kr), seier det seg sjølv at me ikkje klarer innfri dette lovkravet. Midlane var tidlegare øyremerkte, men går no inn i kommunen si samla rammetildeling. Intensjonen med midlane er dei same. Og lovkravet står fast.

Dersom me ynskjer at familiar skal flytta til Ulvik, er me avhengige av gode primærtenester. Me må arbeida for eit godt omdømme for skulen vår, slik at me får gode søkjarar til ledige stillingar. Eit godt omdømme kan også føra til at småbarnsfamiliar bankar på døra til Ulvik herad, fordi nokon har framsnakka tenestene våre.

Som pedagogisk leiar av skulen, vil eg sterkt tilråda at heradsstyret held fast på vedtaket om at Brakanes skule **minimum** skal ha ei 9-deling. Den aller beste løysinga er at **Brakanes skule frå hausten 2021 vert fulldelt att (10-delt)!** Då er me ressursmessig rusta for å driva god relasjonsbygging og tilpassa undervisning, og læringsmiljøet for elevane våre vil få gode kår!

#### **TIL ØKONOMIPLANEN:**

Saka om behov for bygningsmessig utgreiing (HST 031/19) for å drifta skulen i samsvar med vedtekne økonomiske rårer, vart tatt opp att i budsjettprosessen. Det vart løyvd **NOK 250 000** til føremålet. Dette er ikkje effektuert i 2020, og kostnaden vert difor vidareført til 2021.

I samband med beredskapsarbeidet, vart det løyvd pengar til eit varslingsssystem. Dette er veldig viktig for å kunna ivareta både elevar og personale i ein eventuell krisesituasjon. Det vart løyvd **NOK 100 000** til føremålet. Dette er ikkje effektuert i 2020, og kostnaden vert difor vidareført til 2021.

Frå hausten 2020 kom det nye læreplanar i alle fag. Skulen vil i den samanheng måtta byta ut læreverka sine. Pga. av forseinkingar hjå forlaga, ligg me an til å kunna effektuera dette i 2021. Kostnaden vert difor vidareført.

Det er nødvendig å oppgradera inventaret i klasseromma og fellesareala på skulen. Til dette treng eininga ei årleg løyving på 300 000 NOK fram til oppgraderinga er slutført. Dette er me i prosess med.

Uteområdet er ikkje eininga sitt ansvar, men det er viktig å synleggjera ressursbehovet. Det har vore arbeidd med plan for uteområdet, i prosess med dei tilsette, elevar og foreldre, samt kultur – og idrettsavdelinga på fylket. Første trinn i denne planen var å skifta ut ballbingen. Dette er no gjort, til stor glede for heile bygda. Me har på nytt søkt om spelemidlar for å koma i gang med steg 2 i planen – aktivitetsløypa. FAU har fått 150 000 NOK hjå Sparebankstiftinga til føremålet. Saman med dei kommunale avsetjingane og spelemidlar, har me ei fullfinansiering på plass. Arbeidet vil starta i løpet av våren.

IKT er eit viktig satsingsområde, både nasjonalt – i dei nye læreplanane, men og lokalt. Det er no interaktive skjermar på alle klasserom. Elev- og lærar PC-ar, samt ladeskåp og anna tilbehør treng fornyast med jamne mellomrom.

	2021	2022	2023	2024
Inventar	300 000	300 000	300 000	300 000
IKT	300 000	300 000	300 000	300 000
Uteområdet	300 000	300 000	300 000	300 000
Nye læremiddel i tråd med nye fagplanar frå 2020	200 000	200 000	200 000	200 000

#### 4 Målsetjingar og strategiar

##### Målsetjingane for eininga er m.a.:

- Elevane i Ulvik herad skal ha sluttresultat/grunnskulepoeng som ligg på det nasjonale snittet, eller over
- Elevar frå Ulvik herad skal ha med seg kunnskapar, motivasjon og haldningar til læringsarbeid som gjer at dei gjennomfører vidaregåande skule på 3 år
- På nasjonale prøver i 5.-8.-9.klasse skal flest mogeleg av elevane i Ulvik skåra på lik linje med det nasjonale snittet, eller over
- I elevundersøkinga skal omfanget av elevar som varslar mobbing reduserast ned mot null
- I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik melda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemming, forståeleg og støttande vurdering for læring
- Alle tilsette skal ha godkjent og relevant utdanning
- SFO skal gje eit tilpassa og variert tilbod
- Kulturskulen skal gje eit allsidig tilbod

##### Strategiar for å nå måla: (Dette gjeld både skule, SFO og kulturskule)

- Me må arbeida for å få til eit godt læringsmiljø, med stort læringstrykk og høg trivsel
- Me må vidareføra prinsippet om tidleg innsats og tilpassa opplæring for alle
- Me må arbeida for å få til elevdemokrati og elevmedverknad
- Me må arbeida for å få til eit forskingsbasert utviklingsarbeid i personalgruppa, med mål om å verta ein lærande organisasjon
- Me må nytta det lokale spelerommet som læreplanen gjev høve til
- Me må ha eit etter- og vidareutdanningstilbod som sikrar fagleg kvalitet
- Me må ha eit breiare samarbeid med dei føresette for å skapa betre grunnlag for trivsel, motivasjon og læringsarbeid
- Me må utvikla samarbeidet med grannkommunane

## 5.5. Helse og omsorg

### 1 Verksemda

Eininga har ansvaret for helse og omsorgstenester i Ulvik herad. Tenestene som har eige driftsbudsjett er kommunehelsetenesta, legevakt inkludert ØH- senger, psykiatri og rus, fysioterapiteneste, skjenkekontroll, krisesenter, barnevernteneste inkludert tiltak, annan bustad/ institusjon, aktivitetstilbod barn og unge, Personleg brukar assistent (BPA), fritidskontaktteneste, Ulvik omsorgstun, heimesjukepleie, heimehjelp, institusjonskjøkken, dagaktivitetsenter, dagavdeling for personar med demens og ergoterapi.

Eininga er ansvarleg for inntaksnemd for vurdering av institusjonsopphald, bustadgruppa, tverrfagleg gruppe, koordinerande eining, saker etter serverings- og alkohollova, folkehelse, heradet sin representant i styret bustadstiftinga, deltaking i samarbeidsråd Voss lokalsjukehusområde.

Dette er tenester som ikkje er reflektert i budsjettet.

### 2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

#### No- situasjon

Status for økonomi pr. 1. november 2020 er underforbruk på 296 579 kr. Underskotet er redusert med 100 000 kr samanlikna med 01.11.2019.

Pr.november 2020 har me 42,04 stillingsheimlar i helse og omsorg, dette er fordelt slik:

Kommunelegetenesta (2410)	3,80	
Omsorgstunet (2530)		18,87
Heimesjukepleie (2541)	6,17	
Dagavdelinga (2345)		0,60
Kjøkkentener (2531)	4,35	
Fysioterapi (24129)	2	
Ergoterapi (2541)	1	
Psykiatritenesten (2544)	0,78	
Heimehjelpsteneste (2540)	2,45	
Helsestasjonen (2320)	1	
Adm.fagområde (1209)	1,10	

Me hadde som målsetjing for 2020 å kutta overtidsbruk.

Eininga har ikkje nytta seg av vikarbyrå ved ferieavvikling og sjukdom på Ulvik omsorgstun. Dagavdeling for personar med demens (er stengt i julehøgtida, påske, sommarferieavvikling, ved høgt sjukefråvær og i store delar av våren 2020 grunna Covid – 19). har hatt redusert tilbod i feriar, ved høgt sjukefråvær og Covid-19 tiltak.

Overtidsbruk har ikkje gått så mykje ned som ynskjeleg, ein ser heller ei kraftig auke i 2020. Dette skuldast blant anna ei auke i bruk av egne tilsette framfor vikarar frå vikarbyrå. Nokre av desse vaktene, spesielt i ferieavvikling og ved høgtider der det er vanskeleg å få fagkompetansen på plass, har vorte påskjønte som bonusvakter. Bonusvakter er ei auke, men samstundes rimelegare enn å nytta vikar frå vikarbyrå. Me har nytta bonusvaktar berre ved mangel på naudsynt kompetanse, og kun til faste tilsette.

Ein annan grunn for overtidsbruken er vakante helgestillingar som ikkje vart rekna med i budsjettet for 2020, dette tilsvare til ca 100% stilling. Me har òg nytta oss av ein ekstra person på kveld som skuldast brukarretta og pleieretta behov. Den siste, og ikkje minst kanskje den mest belastade overtidsbruken, skuldast Covid-19 tiltak.

Me har hatt fokus på årsturnusarbeid, og frå desember 2020 er turnusen betre planlagt slik at ein ikkje nyttar unødvendig mange vikarar ved ferieavvikling og ein forsøker å fylle opp vakante stillingar. Dette er og har vore eit omfattande arbeid, og det krev frikjøp av personale for å laga turnus.

Feil innmeldt forventa inntening til fysioterapeuter har tilført oss ei mindre inntening, dette blir korrigert i budsjettet for 2021.

Me har fått tilskot til ulike prosjekt som rehabilitering og habilitering, friskliv, innovasjon og kompetanse. Tilskotsmidlane vert overført frå 2020. Tilskot gjer det mogeleg å bruka ressursar på utvikling av tenester.

### **Utfordringar:**

Reduksjon i bruk av vikarbyrå gjev ei høgare belastning på personalet.

Ulvik må truleg samarbeida med andre kommunar og for å ta vare på lovpålagte tenester. Det gjeld psykologteneste som er lovpålagt frå 2020 og kjøp av miljøretta helsevern 2021. Ved ei auke av utgifter blir dette korrigert i budsjettet 2021.

Det er krav om at kommunen skal innføra velferdsteknologi og ha oppdaterte IKT løysingar. Dette er ei utgift som vil auka i framtida. Ulvik er ein liten kommune, og har heller ingen samarbeidsavtale med store kommunar om innkjøp av slike system. Dette gjer at Ulvik må betala mykje meir, samanlikna med dei kommunar som har etablert felles prosjekt, til dømes innanfor velferdsteknologi.

Det vil bli fleire eldre i Ulvik om nokre år, og det blir generelt eit høgare krav til rehabilitering i heimen. Dette krev òg ein større fleksibilitet i bruk av fysioterapitenester. Innføring av fysioterapi i heltestasjonen gjev oss ikkje inntekt, men ein vil samfunsmessig på lang sikt spara mykje ressursar.

Innføring av barnevernsreforma 2022 stiller høgare krav heradet. Kommunane får eit auka finansieringsansvar for barnvernestiltak og heradet får auka ansvar for fosterheim.

Interkommunalt samarbeid som legevakt og barnevern har eit høgt utgiftsnivå som er vanskeleg å redusera. Auken på legevakta vert justert i budsjettet for 2021, det same for barnevern. Det er enkelte vedtak innanfor barnevern som gjer oss ein auke.

Auka av drift ved Ulvik omsorgstun etter flytting, vart medrekna ved flytting, men me ser at ressursbruken ikkje stod i stil med tilbodet brukarane har krav på. Dette utgjer ei auke av ressursar ved omsorgstunet med ein ekstra person på seinvakt.

Krav om psykologteneste i kommunar frå 2020 vil gje ei ekstra utgift. Arbeidet her er ved landing og me inngår eit samarbeid med Voss kommune.

Reforma leve heile livet krev at me set fokuset på å auka tenestene i heimen. Ei auke i fokuset på at menneske skal bu heime så lenge som mogeleg, krev auka ressursbruk i heimetenesta, og ein ser at ein må gjere endringar i turnus i 2021/2022. Ein treng å ha sjukepleiarkompetanse heile døgeret, også med tanke på ei eventuell ØH – seng lokalt i Ulvik.

Frå 2021 går lungeprojektet inn i drift. Lungesjukepleiar har fått vidareført arbeidet inn i drifta frå 2021. Frisklivstilskotet har me nytta til lunge og kols pasientar. Per i dag har me 36 aktive brukarar av tenesta og me ynskjer å jobbe mot å tilby denne tenesta til nabokommunane.

### **Mogelegheiter:**

Eit auka samarbeid med Eidfjord kan gje oss nokre fordelar. Til dømes kan det gje betre løysingar ved kjøp at IKT – avtaler (VISMA og NOTUS). Samstundes vil ikkje eit slik samarbeid gje nokon fordel ved innkjøp av velferdsteknologi, då me begge er altfor små. Me har i 2020 delteke i prosjekt saman om velferdsteknologi. Dette har ført til at me får ei innføring saman med andre kommunar. Noko velferdsteknologi har me tatt i bruk ved Ulvik omsorgstun og i heimebaserte tenester i 2020. Me satsar på å vidareføra velferdsteknologi i Ulvik i 2021.

Kjøp av IPAD og berbare PC vil skapa høgare effektivitet og ta vare på dokumentasjonskrav. Dette er særleg viktig i heimebaserte tenester.

Eit fokus på tilskotsordningar kan tilføra eininga midlar for å sikra naudsynt utvikling innan rehabilitering og teknologi. Fleire tilskotsordningar kan me søkja på i 2021, blant anna innovasjon, tilskot for ressurskrevjande brukarar, skjønsmidlar og prosjekt for helsestasjonen i samarbeid med fysioterapeutene.

Me har i 2020 nytta oss av eigen prosjektmedarbeidar i samband med med Ulvik omsorgstun. Prosjektmedarbeidar har jobba i dei ulike prosjektene, og ho har vore sterkt inne i verlferdsteknologi. Oppgåva til prosjektmedarbeidaren har vore å rapportera, delteke på prosjektmøter, implementering og informasjon til tilsette osv. I ei tid har ho òg vore konstituert avdelingsleiar. I 2021 har me bestemt oss for å søkja på fleire tilskot og prosjektleiar vil då ha ansvar for å få inn midlar til si eiga løn og midlar til heradet. Me har i 2020 fått 700 000 i tilskotsmidlar som me nyttar i 2021. Dette er Covid- 19 midlar for einsame eldre som bur i eigen heim og til aktivitetar på omsorgstunet.

Avtalen om felles LIS lege (turnuslege) med Granvin gjekk ut i 2019. Ulvik planlegg å samarbeide med Eidfjord inntil 20% stilling, då dette frigjer kommuneoverlegen til andre oppgåver. Dette for å redusera pressa på kommuneoverlegen vår, etter eit tøft år. Dette vil gje ein auke av lønsutgift frå 2021.

### 3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Rekneskapen frå 1.11.2019 viser eit underforbruk på 296 579 kr. Samstundes er det ei auke på andre tenester. Til dømes vil utgifter som i realiteten er lønnsutgifter verta førte som andre driftsutgifter (til dømes 2411 (Legevakt), 2440 (barnevern) og 2533 (Kjøp av tenete annan bustad)). Desse utgiftene vil i realiteten auka tilsvarende ein lønsauke. Dette er ikkje kompensert i rammetildeling Postane 2533 (Kjøp av tenesta annan bustad) og 2546 (omsorgsløn) er auka opp i forhold til årets rekneskap. Innsparingar i budsjettet må prioriterast dei kommande åra, for å gje full innsparing i 2022, sjå tabell.

#### Konkrete tiltak for innsparingar i budsjettet mot 2024

Tiltak	2021	Sparer for 2021	2022	Sparer for 2022	Teneste
Eventuell avvikling kjøp av tenesta ØH-seng	Omstillingsprosess, styrker kompetansen i heradet		367 972kr	367 972kr	2412
Reforhandle avtale om legevakt	Voss kommune tar over legevakttenesten som vertskommune eller me		333 333kr	333 333kr	2532

	reforhandler den interkommunale samarbeidsavtalen (ca pris 2 mil rimeligere, fordelt på alle kommunane). Reduskjon i tråd med fordelingsnøkelen				
Reduskjon av psykiatrisk sjukepleiar til 50% (mai)	Omplassere personalet til legekantoret.		50 365kr	60 365kr	2410

#### Konkret auke i utgift frå 2021

Teneste	Utgift
20 % psykologteneste	300 000 kr
100% sykepleier (2022)	632 000kr
20% Lis lege	399 300kr
Miljøretta helsevern (interkommunalt samarbeid ca 10%)	63 200kr

Me må begynna og sjå på kva me gjer når kommuneoverlege og helsesjukepleiar går av med pensjon i 2024 og 2025. Me må starte eit prosjekt på dette allereie i 2021.

#### 4 Målsetjingar og strategiar

Hovudmål og delmål frå 2020 vidareførast i 2021 med nokre justeringar.

Hovudmålet:

- Helse og omsorg skal oppretthalde og vidareutvikla tenesteproduksjon slik helse og omsorgsplanen 2013 legg opp til.
- Eininga skal sikre forsvarleg drift.

I periodar der det er høve for å prioritere, vil tenester som ikkje har eit driftsbudsjett nedprioriterast.

1: Kutt i overtidsbruk og bruk av vikarbyrå

Tiltak:

- Reduskjon av ein avdelingsleiar stilling
  - Avdelingsleiarar får tildelt sine budsjett. Dette gjev eigarskap til budsjett og kan auke forståing for økonomistyring.
  - Økonomirapportering ein gong i mnd for å sikre at eininga kan gjere tiltak i tide. Dette gjeld til dømes der enkeltvedtak medfører auke i utgifter. Slike enkeltvedtak må medføre tilskot av mildar/ justering av budsjett
- Endre gjennomføring av ferie for å auke bruk av egne tilsette
- Motivere personalet til å stå i utfordrande oppgåver
- Endring i turnus skal gje redusert bruk av overtid og ei betre styring.
- Omorganisering der me får ei meir fagleg tyngde inn i organiseringa.
- Ved sjukdom skal ein prøve å drifte utan å leige inn vikar
  - Ved vakante stillingar skal ein i fyrste omgang sjå på endringar i stadenfor tilsetjing.

## **2. Skal skapa ei robust eining**

Tiltak:

- Kompetanseutvikling hjå personalet for å skape rolleflexibilitet
- Nyttja personalet på tvers i eininga
- Sjukepleiar med fagansvar i kvar avdeling på omsorgstunet
  - Legevisitt tirsdag, avviklar legevisitt på fredager. Sjukepleiarar tek kontakt med tilsynslege via ee-meldingar ved behov.

## **3. Rekruttere vikarar med rett kompetanse**

Tiltak:

- Vera aktive på sosiale media for å reklamere for eiga eining.
- Nytte gratis oppslag for å fremja eininga som arbeidsplass

## **4. Utvikle samarbeid med andre**

Tiltak:

- Delta i allereie eksisterande nettverk og samarbeidsorgan
  - Betre samarbeid med Eidfjord med til dømes psykologteneste, IKT avtalar og prosjektleiar.
  - Utarbeide forslag til tenesteområder som bør inngå i interkommunalt samarbeid
- Styrke frivillig arbeid

## **5. Bruke teknologi som kan effektivisera arbeidsprosesser**

Tiltak:

- Kjøp av berbare PC og IPAD for effektiv dokumentasjon utanfor institusjon.
- Etablere arbeidsstasjonar som har PC og skjermar
- Utnytte mogelegheiter i eksisterande program og system
- Sikre kompetanse hjå tilsette for å bruke systemet



- Nytt velferdsteknologi der dette er mogleg

## **6. Sikre at alle avtaler med eksterne aktører er økonomisk forsvarleg**

- Bustadstiftinga
- Kjøp av private tenester
- Kjøp av kommunale tenester frå andre kommuner

## **7. Sikre utviklingsarbeid gjennom tilskot**

- Styrke rehabilitering utanfor institusjon
- Styrke fokus på brukarar og overgangen mellom dei ulike instansane
- Styrke førebyggjande arbeid i utvikling av folkehelseplan
- Styrke frisklivstilbod som ein del av førebyggjande arbeid
- Styrke fagleg kompetanse gjennom kompetansemildar
- Styrke kantinedrift gjennom innovasjonsmidler
- Styrke leve heile livet reform arbeidet gjennom innovasjonsmidlar
- Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten

## **8. Endre innkjøpsrutinane våre**

Tiltak:

- Me må få ei betre overikt over innkjøp, og kva som er på lager
- Me må finne den rmelegaste og beste løysinga ved bestilling av varer.

## 5.7 NAV

### 1 Verksemda

På kommunal sida i NAV Ulvik, så ligg det oppgåver mellom anna innan: økonomisk råd og rettleiing, gjeldsarbeid, økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og arbeid med flyktningar. I 2020 vert òg sakshandsaming i høve sals- og skjenkesaker verta handsama der.

### 2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Utfordringa for NAV Ulvik budsjettmessig, er at det kan vera vanskeleg å veta på førehand kor mange som vil søkja om økonomisk sosialhjelp og fylla vilkår for dette. Av dei som søkjar kan storleiken på den økonomiske sosialhjelpa vera veldig varierende. Det har vore ein stor auke i tal på søknadar og utbetaling av økonomisk sosialstønad dei siste åra. Dei fleste har ikkje sosialstønad som einaste inntektskjelde, men treng supplerande livsopphald. I eit forsøk på å få ned kostnaden til livsopphald vil ein i 2020 jobba for å få nokre brukarar over på meir aktive ytingar. I tillegg vil ein leggja opp til at minst ein brukar kan gå over på såkalla kvalifiseringsstønad. Begge desse tilfella vil redusera den kommunale kostnaden til livsopphald/sosialhjelp.

Det vil og verta auka fokus på å gå frå leige til eige for nokre brukarar. Også dette vil redusera sosialhjelpskostnadane.

Det at NAV Ulvik er samansett av både kommunale og statlege tenester, gir NAV Ulvik moglegheit til oversikt over alle statlege ordningar, som kan vera aktuelle for dei som får økonomisk sosialhjelp. Det kan vera med på å avbøta på dei kommunale utgiftene til økonomisk sosialhjelp på sikt.

Frå slutten av 2020 vert det tilsett ei i 100% stilling på Nav, stillinga har vore mellomblest fram til då. Me har nytta ekstra hjelp til skjenkesakar. Me har i dag ein tilsett ved Nav.

### 3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Ulvik herad vil få inga personar i introduksjonsprogrammet i 2021. Det betyr reduksjon i lønsutgifta med 400 000, men me har til intensjon å ta inn språkpraksiskandidatar på ordinær løn, med inntil 50% lønstilskot frå NAV. Ellast er det budsjettekniske justeringar.

### 4 Målsetjingar og strategiar

NAV Ulvik jobbar mot å få flest mogleg økonomisk sjølvhjelpne. Mål for 2021 er

- Å få fleire ut i jobb (heilt eller delvis) med statlege tiltak der det er mogleg (t.d. lønnstilskot)
- Å nytta dei statlege økonomiske ordningane nokre brukarar har krav på, t.d. bustønad og arbeidsretta tiltak.
- Få minst ein brukar over på stønaden til kvalifisering

## 5.8 Teknisk drift og anlegg

### 1 Verksemda

Forvaltning og drift av kommunal eigedom og kommunale bygg  
Forvaltning og drift av kommunale vegar  
Handsaming av bygg- og plansakar  
Forvaltning og drift av vass- og avløpsnett.  
Jordbrukskontor  
Skogbrukskontor/viltnemnd

### 2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

#### *Gebyrsatsar*

Som oppfølging av tidlegare vedtak, vert det også i år lagt opp til auke i byggesaks- og plangebyr. Ulvik ligg framleis på linje med kommunar me kan samanlikne oss med når det gjeld desse gebyrsatsane. Gebyra på vatn- og avløp er styrt av kommunedelplan for avløp og vert justert i samsvar med denne.

Husleige for kommunale bustadar vert indeksregulert kvart år pr. 1. mai.

#### *Vann og avløp*

Heradet har ein gjeldande kommunedelplan for vann, avløp og miljø frå 2016 som ikkje utløpar før 2023, men handlingsplan avsluttar i 2021. Denne leggest til grunn for revisjon. ROS-analyse og beredskapsplan for vann og avløp var sist revidert i 2016 og dermed vert revisjon av dem ein tema i den reviderte planen.

I Ulvik herad er det eit kommunalt vassverk: Osa vassverk. Vassverket blei etablert i 2001. Vassverket har god kapasitet og leverer godt drikkevatt. Vassbehandlinga består av desinfisering med UV-bestråling og dosering av vassglas for pH-justering. UV-aggregatet fungera fint, råvatnet er reint utan turbiditet og med bare litt innhald av kalk. Utfordring er at pumpane bør bli skifta etter ca. 20 år, dvs. i 2021.

Deler av heradet har i dag ikkje ei tilfredsstillande vassforsyning. Det gjeld både drikkevassforsyning og til slokkevann.

Delar av leidningsnettet må skiftast ut. På Prestegardsfeltet er det behov for sanering både av vass- og avløpsleidningar. Vassleidningane på feltet har til dels små dimensjonar og må oppgraderast for å kunne sikre tilstrekkeleg brannvassdekning. Sanering må utføreast med ein del av årlege avsette midlar til utskifting av leidningsnett. Heradet har allereie påbegynt dette arbeidet i samband med den gjeldane planen.

På avløpssida er behov for nye tiltak stort. Under anleggsarbeid med Hjeltnes avløpsanlegg er det observert forhold med tilførsel og utløp som ikkje er i tråd med gjeldande lovverk. Det kom lite avløpsvatn frå PST Kommunekaia mot Hjeltnes og det er dårleg løftehøgde på anlegget. Ein treng mao. avklaring på kva område som skal byggast ut med offentleg avløpsanlegg, kvar kan vera privat utbygt med minireinseanlegg, sandfiltergrøfter osv. Det er mange mindre avløpsanlegg langs Syselandet, Torblå, Lekve, Håheim, Stette og Vestrheim med utslipp ret til grunn eller mindre bekker.

#### *Kommunale vegar*

Heradet har gjeldande vedlikehaldsplan for oppgradering av kommunale vegar, denne

planen følgjast i planperioden.

#### *Ulvik kaianlegg og gjestehamn*

Ulvik herad har anløp av passasjerbåtar, særleg i sommarsesongen, på kaien ved Heradshuset. Heradet kan krevja inn avgift for slike anløp, for å dekke kostnader med å drive eiga/eigne hamn(er) på ein forsvarleg og god måte. Før slik avgift kan krevjast inn, må heradet vedta forskrift om hamneavgift. Dette er regulert i *Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven)* og i *Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av kai-, vare- og passasjeravgift*.

Ulvik herad ynskjer i første omgang å vedta ei lokal føresegn om farvassavgift og føresegn om sakshandsamingsgebyr. Avgifta skal bereknast ut frå sjølvkost, avgifta kan berre dekke kommunen sine kostnader, jf havne- og farvannslova § 36. Slik det mellom anna går fram av §§ 2-3 og 3-3 i føresegna er det lagt inn ei fleksibilitet når det gjeld betaling av avgift.

Ein kommune må sjølv berekne ei høveleg avgift, basert på budsjett for denne sektoren for 2021. Avgifta kan justerast årleg. Heradet har per i dag kostnader, men inga inntektar, dvs at det akkumulerast «minussum» på dette området. Dette vil rettast opp med innføring av gebyrsatsar. Intensjon med innføring av gebyrar for bruk av gjestehamn er å akkumulere inntektar på fond. Dessa midlar skal igjen brukast til vedlikehald/utvikling av gjestehamn.

Administrasjon føreslår følgjende gebyrsatsar for 2021:

Havneavgift: kr 100 per døgn

Havneavgift + strøm: kr 150 per døgn

Strøm: kr 50 per døgn

Servicebygg (toalett og dusj) kr 30

Med dette avgiftsnivå kan reelle inntekter estimerast mellom kr 130 000,- og kr. 150 000,- årlig

#### *Personale*

Byggesaksamhandsamar har sagt opp sin stilling. Administrasjon forhandlar med Eidfjord om avtale om interkommunalt samarbeid på dette området.

Ny VA-ingeniør er tilsatt og vil byrja i stillingen frå 1. mars 2020.

#### *Kommunal eigedom og bygg:*

I budsjett for 2020 aukar me løyvingar til beplanting og pynting i sentrum til kr 150 000, slik at me kan heve standarden på sentrum i sommarhalvåret. Denne løyva vil man vidareføre i 2021.

Heradet har no overteke eigarskapen for område på Holmen, frå fylkeskommunen. Det er valt ein eigen komité til å jobbe med vidare bruk av området og det vert lagt opp til å få utarbeidd ein områdeplan for området Holmen, i løpet av første halvår 2020. Planen er ikkje ferdigstilt pga kapasitetsproblemar. Arbeidet vil vidareførast i 2021.

Nybygget Ulvik omsorgstun er overtatt i sin heilskap med alle anlegg. Dette er forventa å ha minimal behov for vedlikehald dei næraste åra, men drifta av bygget vil ha løpande kostnader.

Omsorgsbustadane ved den gamla sjukehjemen er seld i 2020. Det jobbast fremleis for avhending av det gamle sjukeheimen.

Aktivitetsnivå på vedlikehald av byggmassen skal økast i 2021-2023. Me har ein ressurs med ansvar for kommunale bygg som har særleg fokus på løpande vedlikehald og elles vedlikehald og oppgradering som skal ha prioritet.

V dei prioriterte tiltak i 2021 er Inneklima på Sentrumsbygget, brannalarm tilkoblet 110 sentralen i den ny avdelinga i barnehage, og i Heradshuset/haugesenteret.

Eininga har framleis eit stort etterslep på vedlikehaldsida på kommunale bygg. Eininga vil difor arbeide for å avhende nokre kommunale bygg, i tråd med politiske vedtak. Det kan og verta aktuelt å selje kommunalt bustadhus til mangeårig leigetakar.

#### *Brann*

Ny brannordning for Ulvik, i eit samarbeid med Voss herad, er på plass.

Me opprettheld vårt lokale brannkorps, men kjøper brannsjef funksjon, tilsyn, førebyggjande og anna overordna brannfagleg kompetanse frå Voss herad. Endringa i brannordning og kostnader for tilkobling til 100-sentalen har medført auke i årlege driftskostnader med kr 270 000.

### **3 Rammeendringane i budsjettframlegget**

Det er ikkje lagt opp til naturleg avgang i 2021. .

Det er foreteken kutt i budsjettpostane for løpande vedlikehald på kommunale bygg. Budsjett kutt på til saman kr 180 000. Vedlikehaldsoppgåver vil planleggast i form av prosjektar og gjennomførast over investeringsbudsjett.

### **4 Målsetjingar og strategiar**

Eininga har eit stort fokus på kostnadseffektiv drift, og har ein stabil stab med dyktige medarbeidarar.

Med stadig høgre krav til planlegging og dokumentasjon, er det viktig å ha fagleg oppdaterte medarbeidarar, noko som krev kurs og vidareutdanning av personale. I 2020 og vidare inn i 2021 har me prioritert fagleg oppdatering/kursing i høve matrikkel, kart og innan VA.

Eininga har som målsetjing

- å levere gode tenester med kort sakshandsamingstid innanfor gitte rammer
- å få betre kontroll over økonomi i eininga
- å organisere vedlikehaldsoppgåver i prosjektform
- å digitalisere vaktmeisteteneneste
- å redusere vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg
- å selja kommunal utleigebustad
- å avhende gamle sjukeheimen
- å utarbeide områdeplan for området Holmen
- å revidera/utearbeide ny VA plan